


# **Barn si deltaking i barnevernet: betyr barn sin alder noko? Ein scoping review**

**Elisabeth Krogseter**



**MASTEROPPGÅVE**

Master i barnevern

Vår 2021

**Det psykologiske fakultet**

Institutt for helse, miljø og likeverd (Hemil)

Forfattar: Elisabeth Krogsæter

Rettleiar: Gaby Margarita Ortiz-Barreda

## Forord

Etter snart tre år som kontaktperson i kommunalt barnevern har barn sin medverknad og deltaking fanga mi interesse. Erfaringa mi så langt har vist at dette er eit område som skapar engasjement, men som og møter ulike utfordringar i praktisk gjennomføring. Difor har det vore spennande å få meir kunnskap om temaet. Det har vore ein interessant, lærerik og til tider krevjande prosess. Heldigvis har eg hatt god støtte og hjelp undervegs.

Det er fleire som har hatt betydning for at eg i dag kan stå med eit ferdigstilt prosjekt. Eg vil først og fremst takke rettleiaren min Gaby Ortiz-Barreda for tru på meg og prosjektet, og for gode og konstruktive tilbakemeldingar gjennom heile prosessen.

Du har gitt meg engasjement og tru på eige bidrag.

Eg vil vidare takke min mann, Arne, for tolmodigheit og støtte gjennom desse to åra. Eg må også rette ein stor takk til mine foreldre for støtte, oppmuntrande ord, samt hjelp til korrekturlesing. Takk også til familie, venner og kollegaer for gode råd og støtte i løpet av dette prosjektet.

Sogndal, mai 2021

Elisabeth Krogseter

## Abstrakt

**Bakgrunn.** Yngre barn vert i dag involvert i liten grad i eiga barnevernssak. Argumenta for dette er blant anna at barn er i behov for beskyttelse, samt at dei i liten grad bidreg med informasjon. Til tross for stort fokus på barn si deltaking i barnevernet i forskning, litteratur og teori, er det utfordringar med å praktisere barn si deltaking.

**Formål.** Denne studien vart utvikla for å identifisere kva som er kjent gjennom empirisk forskning i høve barn si deltaking i barnevernet og om alder har innflytelse på dette.

**Metode.** Metoden som er nytta i denne studien er ein scoping review. Mitt empiriske datamateriale kjem frå databasane Web Of Science, PsycINFO og Idunn. Søkestrategien bestod av to søkefilter som utgjer kjernen i forskingsspørsmålet: «child protection» og «child participation». For val av studiar som inngår i analysen vart det nytta inklusjons- og eksklusjonskriteriar. Studiar som vart inkludert var vitenskaplege fagfelleverderte artiklar skreve på norsk eller engelsk, publisert i perioden 2005-2020 og fokuserte på barn og unge (0-23 år) si deltaking i barnevernet.

**Resultat.** Totalt vart det identifisert 595 artiklar, av desse var det 16 empiriske artiklar som oppfylte inklusjonskriteria og såleis lagde datamaterialet for studien. Hovudtemaene som vart teke opp var; barnet sin alder og modenheit, kontaktpersonen sin kompetanse i høve sikring av yngre barn si deltaking, kontaktpersonen sitt syn på barn og deltaking, anerkjenning av barn sitt perspektiv, barn sitt behov for beskyttelse vs deltaking grunna alder og manglande modenheit, barn sitt syn og oppleving av deltaking, og barn som kompetente aktørar.

**Relevans.** Funn frå studien indikerer at det framleis er utfordringar med å innfri barn sine rettar til deltaking, og då særleg dei minste barna. Manglande kompetanse hjå kontaktpersonar er ei utfordring for å sikre dei yngste barna deltaking i eiga barnevernssak. Framtidig forskning bør fokusere på dei yngste barna si deltaking, og utforske ulike metodar som kan nyttast for å sikre dette.

**Nøkkelord.** Barnevern, alder, deltaking, medverknad.

## Abstract

**Background.** Younger children today are involved to a small extent in their own child welfare case. The arguments for this are, among other things, that children are in need of protection, and that they don't contribute with sufficient information. Despite the strong focus on children's participation in child welfare in research, literature and theory, there still are challenges in practicing children's participation.

**Purpose.** This study was developed to identify what is known through empirical research concerning children's participation in child welfare and whether age has an influence on participation.

**Method.** The method that is used in this study is a scoping review. Web Of Science, PsycINFO and Idunn were used as a database. The search strategy consisted of two search filters that form the core of the research question: "child protection" and "child participation". For the selection of studies included in the analysis, inclusion and exclusion criteria were used. Studies that were included were scientific peer-reviewed articles written in Norwegian or English, published in the period 2005-2020 and focused on children and young people's (0-23 years) participation in child welfare.

**Result.** A total of 595 articles were identified, of which 16 were empirical articles that met the inclusion criteria and thus created the data material for the study. The main topics addressed is; the child's age and maturity, the social worker's competence in ensuring younger children's participation, the social worker's view of children and participation, recognition of children's perspective, children's need for protection vs participation because of age and lack of maturity, children's view and experience of participation, and children as competent actors.

**Relevance.** Findings from the study indicate that there are still challenges in fulfilling children's rights to participate, and especially the youngest children. Lack of competence among social workers is a challenge to ensure that the youngest children participate in their own child welfare case. Future research should focus on the youngest children's participation, and explore different methods that can be used to ensure this.

**Keywords.** Child welfare, age, participation, involvement.

---

## Innholdsliste

<b>FORORD .....</b>	<b>3</b>
<b>ABSTRAKT.....</b>	<b>4</b>
<b>ABSTRACT.....</b>	<b>5</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
1.1 MASTEROPPGÅVA SITT FORSKINGSSPØRSMÅL OG MÅLSETTING .....	9
1.2 OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	10
<b>2. OMGREPSAVKLARING .....</b>	<b>11</b>
2.1 MEDVERKNAD.....	11
2.2 DELTAKING .....	13
2.3 KONTAKTPERSON.....	14
<b>3. KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>15</b>
<b>4. TEORETISK RAMMEVERK .....</b>	<b>22</b>
4.1 DEN EUROPEISKE MENNESKERETTIGHETSKONVENSJON OG FNs BARNEKONVENSJON.....	22
4.2 EIT JURIDISK PERSPEKTIV PÅ BARNETS BESTE .....	23
4.3 TEORI OM BARNDOM OG BARN SI UTVIKLING .....	26
4.4 BARNEPERSPEKTIV OG BARN SITT PERSPEKTIV.....	28
4.5 BARNET SOM SUBJEKT ELLER OBJEKT .....	29
4.6 BARNESAMTALAR I BARNEVERNET .....	31
4.7 PERSPEKTIV OG MODELLAR FOR BARN SIN MEDVERKNAD .....	32
4.7.1 <i>Eit sosiokulturelt perspektiv på deltaking</i> .....	32
4.7.2 <i>Shier si medverknadstrapp for barn</i> .....	34
4.7.3 <i>Prosessmodell for barn si deltaking i barnevernssaker</i> .....	35
<b>5. METODE: INNSAMLING, UTVELGING OG VIKTIGE KRITERIAR .....</b>	<b>39</b>

---

5.1	VITSKAPLEG TILNÆRMING .....	39
5.2	SCOPING REVIEW SOM METODE.....	41
5.3	DATAINNSAMLING .....	43
5.3.1	<i>Identifisering av nøkkelomgrep og implementering av søkestrategi.....</i>	<i>43</i>
5.3.2	<i>Databasar og lokalisering av litteratur .....</i>	<i>45</i>
5.4	UTVAL – INKLUDERTE STUDIAR OG ANALYTISK TILNÆRMING .....	46
5.4.1	<i>Inkluderte artiklar.....</i>	<i>46</i>
5.4.2	<i>Analytisk rammeverk.....</i>	<i>47</i>
5.5	TRUVERDIGHEIT I KVALITATIV FORSKING .....	48
5.6	FORSKINGSETISKE OMSYN .....	49
<b>6.</b>	<b>RESULTAT .....</b>	<b>50</b>
<b>7.</b>	<b>DRØFTING .....</b>	<b>63</b>
7.1	BARNET SIN UNGE ALDER ER EIT HINDER FOR DELTAKING .....	63
7.2	BESKYTTELSE PÅ BEKOSTNING AV DELTAKING .....	67
7.3	MANGLANDE KOMPETANSE I BARNEVERNET SOM HINDER FOR YNGRE BARN SI DELTAKING ..	70
7.4	STYRKAR OG BEGRENSINGAR VED STUDIEN .....	74
<b>8.</b>	<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>75</b>
<b>9.</b>	<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>77</b>
	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>84</b>

# 1. Innleiing

Barn sine sjølvstendige rettar til deltaking i eiga barnevernssak er ein viktig og tydeleg verdi i norsk barnevern. Prinsippa knytt til barn si deltaking kjem fram i blant anna FNs barnekonvensjon (Barnekonvensjonen, 1989), grunnlova (Grunnloven, 1814), barnevernslova (Barnevernloven, 1992), samt i nedskrivne rutinar og rettleiarar som vert brukt i det kommunale og statlege barnevernet.

Barn sine rettar på området utgjer ei forplikting og eit krav til dei tilsette i barnevernstenesta om å legge til rette for, planlegge og gjennomføre arbeidet slik at barn sine rettar vert oppfylt. Trass tydelege juridiske, politiske og faglege føringar, og eit stort fokus på temaet det siste tiåret, syner fleire undersøkingar at barn si deltaking er vanskeleg å gjennomføre i praksis (Kosher & Ben-Arieh, 2020; van Bijleveld, Dedding, & Bunders-Aelen, 2015). Ein gjennomgang av den internasjonale menneskerettighetsramma og litteratur, gjennomført av Collins (2017) støttar dette. Det vart funne at det er rikeleg med teoretisk støtte for barn si deltaking, men at det av fleire grunnar ikkje er god praksis i internasjonalt barnevern (Collins, 2017).

Forsking syner ein mangel på klare og konkrete retningslinjer i høve barn si deltaking. Eit resultat av dette vert at barn sin moglegheit til deltaking vert avhengig av kontaktpersonen sine eigne haldningar og vurderingar knytt til deltaking (Archard & Skivenes, 2009; Križ & Roundtree-Swain, 2017; van Bijleveld, Dedding, & Bunders-Aelen, 2014). Barnet sin alder kan også ha verkand på deltaking. Kontaktpersonar legg ulik vekt på barn si deltaking basert på barnet sin alder. Det viser seg at det er større sannsyn for at kontaktpersonar har samtalar med eldre barn enn med dei yngste barna (Berrick, Dickens, Pösö, & Skivenes, 2015; Križ & Skivenes, 2015). Yngre barn vert sett på som ute av stand til å forstå situasjonen eller avgjere kva som bør gjerast (van Bijleveld et al., 2014).

Dei same utfordringane finn ein også i Norge. Det vert tydeleggjort av blant anna Riksrevisjonen (2011-2012) og Statens helsetilsyn (2012) sine undersøkingar av barnevernstenester i Norge. Resultata syner blant anna at barn ikkje får medverke i barnevernstenester slik det er bestemt i lovverket.

I Norge vart det nyleg gjennomført ein studie av Havnen et al. (2020) om barn og foreldre si medverknad i barnevernet sitt undersøkingarbeid. Studiet byggjer på eit utval av 1123



---

undersøkingssaker for barn i alderen 0-17 år. Resultatet av studien syner at 60 % (680) av barna hadde samtalar med barnevernet, medan 40 % (443) av barna ikkje hadde det. Funna syner at barnevernet samtalar oftare med eldre barn enn med yngre barn. 73 % av barna over 6 år hadde samtalar med barnevernet (Havnen et al., 2020).

Deltaking er ein føresetnad for å kunne inkludere barn sine perspektiv ved avgjersler i barnevernet (Strandbu & Vis, 2008). I denne samanheng handlar deltaking om at det vert tilrettelagt slik at barn har moglegheit til reell deltaking. Det handlar blant anna om at det finns arenaer der barnet kan fremje sitt syn og delta i diskusjonar. Deltaking handlar også om å legge til rette slik at barn sine forventningar og forutsetningar vert tatt omsyn til, noko som inneber at det blant anna må samtalast med barnet på ein måte som gjer at barnet sin agenda og perspektiv kjem fram (Strandbu & Vis, 2008).

## 1.1 Masteroppgåva sitt forskingsspørsmål og målsetting

Det vert stadig retta meir fokus på barn si deltaking i barnevernet. Barn vert i dagens samfunn forstått å vere subjektive kompetente individ som såleis har mykje viktig kunnskap om eige liv (Bunkholdt & Kvaran, 2015; Strandbu, 2011; Thrana, 2008). Difor vert det stilt større krav til at barnevernstenester skal involvere og inkludere barn i alle avgjersler som omhandlar barnet sitt liv (Strandbu, 2011).

Målet med dette prosjektet var i første omgang å få meir kunnskap om barn si deltaking i barnevernet, og om alder har innflytelse på dette. Det eksisterer allereie ein god del nasjonal og internasjonal forskning på emnet. Overføringsverdien til ein norsk kontekst er likevel uviss. Det er i tillegg vanskeleg å skulle ta avgjersler basert på funn frå enkeltstudiar, samstundes som det er tidkrevjande å gå igjennom all eksisterande kunnskap. Målet for dette prosjektet vart difor å oppsummere funn frå forskning om barn og deltaking i barnevernet, slik at det blir enklare å dra nytte av for politikarar og praktikarar. Eg har vald å gjere ein scoping review, då dette er ein metode som gjer det mogleg å oppsummere og systematisere funn frå eit felt på relativt kort tid (Arksey & O'Malley, 2005).

Masteroppgåva sine forskingsspørsmål lyder som følger:

*1) Kva hovudfaktorar er identifisert i empirisk forsking som har innflytelse på barn si deltaking i barnevernet?*

*2) Har barn sin alder innflytelse på barn si deltaking i barnevernet?*

## 1.2 Oppbygging av oppgåva

Denne reviewen er basert på internasjonal og nasjonal forsking. Barn si deltaking i barnevernet er eit tema som er svært relevant i både internasjonal og nasjonal kontekst. Då studien er skreve i Norge, samt at eg sjølv jobbar innan kommunalt barnevern, vil det vere eit ekstra fokus på temaet sin relevans for norsk praksis.

Innleiingsvis vil eg gjere greie for omgrepa medverknad og deltaking. Deretter vil eg gi ei kort oppsummering av kunnskapsstatus innan emnet. I kappittel 4 presenterer eg det teoretiske rammeverket som er nytta, med eksempel for kvifor dette er relevant for mi problemstilling. I kapittel 5 blir forskingsmetoden som er nytta presentert, blant anna vitenskapsteoretisk perspektiv og ein diskusjon av studien sin truverdigheit. I kapittel 6 blir kategoriane som oppstod i det analytiske rammeverket presentert. Deretter kjem kapittel 7 med drøfting av funn opp i mot presentert teoretisk rammeverk og forskingsspørsmål. Avslutningsvis vil eg kort diskutere korleis dette prosjektet kan forståast og settast inn i ein norsk kontekst.

## 2. Omgrepsavklaring

### 2.1 Medverknad

Omgrepet medverknad handlar hovudsakleg om menneskelege verdiar, rettigheitar og behov. I følgje Slettebø (2008) har innhaldet i omgrepet endra seg i takt med endringar i samfunnet. Medverknad som grunnleggande verdi og rettigheit fekk eit internasjonalt gjennombrot i FNs verdens erklæring om menneskerettigheitar i 1948, samt i den europeiske konvensjon om menneskerettar utarbeida av Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (1950). I 1989 kom FN med barnekonvensjonen, ein konvensjon om barn sine rettar. Hensikta med konvensjonen er å tydeleggjere enkeltmenneske sine rettigheitar i møte med stat og offentlege myndigheiter.

Retten til medverknad betyr at barnet skal få god informasjon om saka. Vidare skal barnet få moglegheita til å uttrykke sine meiningar gjennom alle forhold i barnevernssaka, samt skal barnet sine synspunkt vektleggast i samsvar med barnet sin alder og modenheit (Barnekonvensjonen, 1989). I barnekonvensjonen artikkel 12 vert det tydeleggjort at barnevernet og andre som arbeidar med barn har eit ansvar for at barn som er i stand til å danne eigne meiningar skal få uttrykkje seg i forhold som kan ha betydning for dei sjølv og deira situasjon (Barnekonvensjonen, 1989).

I Norge er barnekonvensjonen inkorporert i norsk lov. I Norge har barnekonvensjonen hatt verknad på lovverk som er sentralt innan barnevern. Inkorporering av barnekonvensjonen har blant anna medført at aldersgrensa for barn sin rett til å bli høyrte jf. Barnevernloven (1992), vart endra frå 12 til 7 år (NOU 2000:12). Retten til å medverke og bli høyrte gjeld likevel barn under 7 år. Barn skal ha innflytelse som er tilpassa barnet sin alder, utvikling og situasjonen sin karakter (NOU 2016:16). Omsynet til barnet sin alder og utvikling er nedfelt i barnevernloven § 6-3 første ledd og forskrift om medverknad og tillitsperson § 3 (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016-2017a).

#### **Barn sin medverknad**

1.juli 2018 vart det gjort lovendring i barnevernloven. Endringane innebar å inkludere hovudinnhaldet i avgjerslene frå forskrift om barnet sin medverknad og tillitsperson av 1.

juni 2014. Når barnevernet skal praktisere lovverket er det viktig å ha kjennskap til formuleringar og konkretiseringane som er gjort i forskrifta, men som ikkje kjem like tydeleg fram i lovteksten (Forskrift om medvirkning og tillitsperson, 2014). Fleire paragrafar i forskrifta er relevant for barn sin medverknad i barnevernet;

§ 3 definerer medverknad som *«Barn kan medvirke i sak ved å uttrykke sin forståelse, val og preferanser gjennom verbal og ikkje-verbal kommunikasjon. Medvirkningen skal ivareta barnets etniske, religiøse, kulturelle og språklige bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur».*

I § 4 om informasjon til barnet står det som følger *«Barnevernstjenesten skal sørge for at barnet så tidlig som tilrådelig blir informert på en måte som barnet forstår om: a) situasjoner der han eller hun kan uttrykke sine synspunkter, b) saken og egen situasjon, c) tjenestetilbud, d) rettigheter og e) hvilke valg og beslutninger som må treffes og konsekvensene av disse».*

Barn sin moglegheit til medverknad kjem fram av § 5 *«Barns medvirkning er en prosess som må utøves under hele sakens forløp i barnevernet, men barnet skal ikke utsettes for press til å medvirke».*

Barnevernet sitt ansvar for å legge til rette for medverknad er nedfelt i § 6 *«Barnevernet har ansvar for å sikre at barns mulighet til å medvirke skjer i trygge rammer for barnet. Medvirkningen skal tilrettelegges ut fra barnets alder og modenhet. Den som er ansvarlig for å høre barnet, må snakke med ham eller henne. Det skal legges særskilt vekt på at muligheten til å medvirke blir gjennomført for barn som har problemer med å forstå og få uttrykt sine synspunkter i beslutningsprosesser.*

*Barnets perspektiv og meninger skal inkluderes i vurderingen av hva som er barnets beste. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med barnets alder og modenhet. Barnet skal informeres om de ulike avgjørelser som er truffet og hvilke vurderinger som ligger til grunn for disse».*

I § 7 vert barnevernstenesta sitt ansvar for dokumentering tydeleggjort; *«Barnevernet skal i sin saksbehandling dokumentere barnets medvirkning. Det skal dokumenteres*

---

*hvorvidt barnet har fått anledning til å medvirke, hva barnet er blitt hørt om og hva som var barnets syn».*

Barnevernsloven fastslår barn sine rettar til medverknad og barnevernstenesta si plikt til å oppfylle desse, medan forskrifta om barn sin medverknad og tillitsperson inneheld ei nærare utdjujing og konkretisering av korleis medverknaden kan oppnåast.

## 2.2 Deltaking

I lover, forskrifter, faglitteratur og liknande vert det brukt ulike omgrep som omhandlar barn sine rettar knytt til informasjon og rett til å ytre si meining. Omgrepet deltaking kan definerast og konkretiserast på fleire måtar. Ordet i seg sjølv tyder «å ta del». I barnekonvensjonen artikkel 12 vert barn og unge sine rettar knytt til deltaking presentert. Barn og unge har rett til å bli konsultert og deira meiningar skal tas i betraktning når ei avgjersle skal takast. Rett til deltaking er ikkje det same som å ha innflytelse, likevel kan innflytelse oppstå som eit sluttprodukt av ulike formar for deltaking. Bache- Hansen (2011) understrekar at det difor er nødvendig med ei vid forståing av omgrepet deltaking for å kunne legge til rette for reell deltaking. Bache- Hansen (2011) hevder at deltaking, i tillegg til å omhandle ein rettighetsdimensjon, må vere ein kontinuerleg prosess over tid, samt i ulike kontekstar. I følgje Bache- Hansen (2011) kan deltaking skje på mange måtar, eksempelvis ved å vere til stades og å kunne delta i diskusjonar.

I likskap med fleire andre land er Norge opptatt av barn si deltaking i barnevernet. Strandbu som er ein kjend forskar i Norge innan tema barn si deltaking, hevdar at deltaking handlar om å vere inkludert og involvert i prosessar knytt til avgjersler som har betydning for barnet (Strandbu, 2011). Strandbu (2011) har skissert tre sentrale aspekt ved omgrepet. Det første aspektet omhandlar inkludering og medbestemmelse, å vere involvert og få moglegheit til deltaking i prosessar knytt til avgjersle saman med andre. Det neste aspektet omhandlar interaksjon mellom barnet og den vaksne, samt om korleis barnet sine meiningar kan komme til uttrykk. Det siste aspektet omhandlar meiningsdanning, som viser korleis den vaksne bør handle og legge til rette for at barnet vert gitt moglegheit til å formidle sine meiningar. Horverak (2006) og Omre og Schjelderup (2009) hevdar i likskap med Strandbu (2011) at deltaking må forståast som ein prosess der barnet skal involverast i heile prosessen som leidar fram til ei avgjersle. I følgje Strandbu (2011) vil ein slik brei innfallsvinkel til omgrepet

deltaking ivareta barnet som eit sjølvstendig subjekt, med evne til å reflektere og ha verkand på eigen situasjon. Det som er grunnleggande for alle desse perspektiva, samt for alt arbeid barnevernstenesta gjer, er prinsippet om barnets beste.

## 2.3 Kontaktperson

Det finnes mange ulike namn for tilsette i barnevernet. I internasjonal forskning ser vi at det blant anna vert nytta social worker, caseworker og welfare worker på same faggruppe. Kva namn som vert nytta kan variere på tvers av landegrenser, men også innad i same land.

Også i Norge vert det nytta ulike namn på tilsette i barnevernet. Eg har valt å nytte ordet kontaktperson i staden for sakshandsamar, barnevernsarbeidar eller liknande, når eg omtalar tilsette i barnevernstenesta. Omgrepet kontaktperson er innført i fleire norske barnevernstenestar som ein del av «Mitt liv» - prosjektet (Forandringsfabrikken). Forandringsfabrikken og Barnevernsproffene har sidan 2013 gjennomført utviklingsarbeidet «Mitt liv barnevernstjeneste» i samarbeid med barnevernstenester frå heile landet. «Mitt liv» - prosjektet jobbar for å implementere ord og omgrep som tydeleggjer respekt og likeverd. Eksempelvis å nytte ordet flytting i staden for plassering, - og kontaktperson i staden for sakshandsamar. Barnevernstenesta der eg er tilsett er ein av fleire barnevernstenester som har valt å implementert desse omgrepa. Kontaktperson er difor eit naturleg omgrep for meg å nytte.

---

### 3. Kunnskapsstatus

Eg skal i dette kapitlet presentere relevant litteratur og forskning på feltet som omhandlar barn si deltaking i barnevernet, og om barn sin alder har innflytelse på dette.

Trass internasjonale konvensjonar tok det tid før barn og foreldre fekk medverke og ha innflytelse på avgjersler frå det offentlege. Internasjonalt var endringa innan barnevern knytt til tre ulike trendar (Marsh & Crow, 1998). Den første trenden omhandla ei auka fagleg merksemd og bekymring knytt til barn som vart utsett for mishandling og omsorgssvikt frå vaksne. Den andre trenden omhandla ei auka erkjenning av at samfunnet sine tiltak ovanfor barn som vart utsett for omsorgssvikt og overgrep ikkje var gode nok, samt at dei i fleire tilfelle førte til meir skade enn til nytte. Den siste og tredje trenden var ei auka forståing for verdien av at barn og foreldre har innflytelse på eige liv og på avgjersler i offentlege system som har verknad på deira situasjon (Marsh & Crow, 1998). Parallelt med dette har det vokse fram eit nytt syn på barn, som i stadig større grad blei sett på som likeverdige med vaksne, og med rettigheitar til ein god barndom og oppvekst (Sommer, 2004).

Det er ei samfunnsmessig utvikling og politisk overordna målsetting å gi barn og unge større innflytelse i saker som omhandlar dei sjølve (Strandbu, 2011; van Bijleveld et al., 2015). Barn sin rett til medverknad i avgjersler som gjeld deira liv er nedfelt i FNs barnekonvensjonen av 1989, artikkel 12. Barnekonvensjonen vart innlemma i barnevernsloven i 2003 (tidlegare § 4-1 andre ledd). Barnekonvensjonen sin artikkel 12 fastslår barn sin rett til å bli høyrte. Det er mangel land som har slutta seg til barnekonvensjonen, samstundes er det forskjellar på korleis landa har valt å gjere dette. Eksempelvis har Storbritannia har slutta seg til barnekonvensjonen, men dei har ikkje innlemma barnekonvensjonen i deira nasjonale lovverk slik som Norge har gjort. Norge vert sett på som eit føregangslan i det å prioritere barn sine rettar. Eit eksempel som ofte vert trekt fram, er at Norge var det første landet i verden som fekk sitt eige Barneombud i 1981. Innan norsk barnevern kjem dette til syne ved blant anna ei aukande vektlegging av barn si medverknad i barnevernloven (Strandbu & Vis, 2016). Lov om barneverntjenester § 6-3 vart endra samtidig med denne inkorporeringa. Formålet med endring av § 6-3 var å styrke barn si rett til å bli høyrte i barnevernet. I § 6-3 står det tydeleg at barn skal informerast og bli gitt moglegheita til å uttale seg før det vert fatta avgjersler i saker som omhandlar dei. Alder i høve å bli høyrte vart endra frå 12 til 7 år, samstundes skal også retten gjelde barn under 7 år i

samsvar med deira alder og modenheit. Det vart tilført yttelegare krav om barn sin medverknad ved endringslov 21. juni 2013, trådd i kraft 1. juni 2014 (Ofstad & Skar, 2015). Vidare i 2014 vart det gjort endringar i Grunnlovens § 104, barn skal høyrast og deira meiningar skal vektleggast i trå med deira alder og modenheit. Endringane gir barnevernet ei plikt til å legge til rette for barn sin medverknad. Det har også før denne tid vore ein intensjon at barn skal snakkast med og høyrast i eige sak. Både nasjonal og internasjonal forskning har synt at barn si deltaking har vore vanskeleg å gjennomføre, og at det difor har vore behov for meir kunnskap, samt betre metodar for å oppnå dette. Barnevernloven vart på ny endra i 2018 iverksett frå 1.juli 2018. Endringane presiserte både barn sin rett til medverknad i ny § 1-6, og barnevernstenesta si plikt til å samarbeide med foreldre og barn i ny § 1-7. Ot.prp. 169 L (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016-2017a) syner til at ei slik endring i barnevernloven vil framheve betydninga av å gi foreldre og barn moglegheit til å medverke og ha innflytelse gjennom heile barnevernstenesta sitt arbeid, frå undersøking til val av tiltak, gjennomføring og oppfølging.

I melding frå Statens helsetilsyn 2012 og Riksrevisjonen 2011-12, vert det påpeika at barn sin medverknad i barnevernet i liten grad blir ivaretatt. I 2011 gjennomførte helsetilsynet eit landsomfattande tilsyn med 44 kommunar i Norge. Resultatet tyder på at det var tilfeldig om barn vart snakka med eller ikkje. Nokon barnevernstenestar mangla også rutinar for å snakke med barn. Andre kommunar hadde slike rutinar, men det var varierende i kor stor grad desse vart nytta. Nokon barnevernstenestar formidla at dei snakka med barn, men at desse samtalanane ikkje vart dokumenterte. Barn si deltaking vart heller ikkje etterspurt av barnevernsledarane i kommunane. Det var også manglande kompetanse hjå fleire av dei tilsette i barnevernet knytt til samtalar med barn (Helsetilsyn, 2012). I Riksrevisjonen si undersøking (2011-2012) fann dei at i 30% av undersøkingane i barnevernet hadde det ikkje vore snakka med barna. I 18% av sakene vart barna heller ikkje snakka med sjølv om alderen skulle tilsei det, og dei skulle ha blitt høyrte.

I seinare tid utførte Lurie, Kvaran, Tjelflaat, and Sørli (2015) ei undersøking av 18 barnevernstenester sitt arbeid med undersøkingar i Midt-Norge. Resultatet av deira undersøking syner også at det er utfordringar i høve barn sin medverknad, samt at barnet si rolle i undersøkinga framstod som diffus. Variasjonane knytt til barn sin medverknad viste seg blant anna gjennom korleis og om barnet vart tatt med i undersøkinga. Særleg når det gjaldt dei yngste barna kom dette til uttrykk. Også i denne undersøkinga sa dei fleste av



---

barnevernstenestene at dei snakka med barn og la vekt på det barnet sa. Undersøkinga synta at barn som var over 15 år vart snakka med og fekk tilbakemeldingar om saka si. Fleire av barnevernstenestene hadde ikkje rutinar for barn sin medverknad, og heller ikkje metodar for korleis ein skal snakke med barn. Det var likevel utvikla ein praksis på å få informasjon frå barnet. Trass dette vart det sjeldan spurt etter barnet sine synspunkt, og heller ikkje gitt tilbakemelding og informasjon om prosessar vidare. Det vart gjort vurderingar om barnet sin truverdighet, og om opplysningane barnet kom med passa inn i eit heilskapleg bilete. Konklusjonen på studien var at barn sin medverknad kan oppfattast som «skinnmedverknad». Det vil sei at på den eine sida vart barnet vurdert som ein kompetent aktør, men på den andre sida den som gir legitimitet til dei vaksne si allereie konkluderte saksforståing (Lurie et al., 2015). Studien til Holland (2001) fant liknande resultat. Det vart identifisert motvilje til involvering og deltaking av barn, samt at kontaktpersonar hadde ambivalente haldningar i høve verdien av å inkludere barn sine ynskjer i avgjersler.

Lurie, Sørli, Kvaran, and Tjelflaat (2018) har i seinare tid laga ein rapport frå same studie der barn og foreldre sine erfaringar med undersøkinsarbeid vert omtalt. Resultatet frå denne studien bekreftar funn frå tidlegare intervju med barnevernsleiarar/tilsette. Det kjem fram at barn i liten grad vert informert om vidare saksgang, og vert lite inkludert i barnevernet sine avgjersler eller val av tiltak. Oppgåva med å informere/ gi informasjon til barna vert i stor grad overlatt til foreldra. Lurie et al. (2018) syner også til den mangelfulle innvolvinga av barn, og stiller spørsmål ved barnevernet sine prosedyrar for undersøkingarbeid. I studien til Lurie et al. (2018) vert det difor gjort ei anbefaling om å gjennomgå desse prosedyrane for å sikre at dei bidreg til å sikre barn sin lovmessige rett til å få informasjon, og delta i prosessar knytt til avgjersle.

Både barn og kontaktpersonar er samde om at barn si deltaking i avgjersler som omhandlar dei sjølve er viktig. Samstundes formidlar både barn og kontaktpersonar at barn ikkje får delta i tilstrekkeleg grad (van Bijleveld et al., 2015). Funntil Lurie et al. (2015) og Lurie et al. (2018) støttar dette.

Når barn sine rettigheter ikkje blir ivaretatt i barnevernet, vert det stilt spørsmål til barnevernet sin kompetanse og korleis dei utfører arbeidet sitt (Bunkholdt & Kvaran, 2015; Ellingsen, 2014; Tuastad, 2014). Nokon meiner at barnevernet har legalitetsproblem, samt at deira avgjerslemodellar ikkje er tilfredsstillande. Det faglege perspektiv er aldri normativt nøytralt og dette vert difor særleg synleg i barnevernet sitt arbeid. Avgjersler i barnevernet er

eit komplekst samspel av fleire aktørar og avgjerslene er prega av variasjon. Barnevernet må basere sine avgjersler og hjelpa dei gir på forskingsbasert kunnskap (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartement, 2012-2013)

#### Kontaktpersonar sitt syn på barn si deltaking

Det er mange og ulike oppfatningar om kva barn si deltaking omhandlar, samt kva vekt det bør tillegast. Studien til van Bijleveld et al. (2015) tar føre seg fleire studiar og oppsummere på bakgrunn av desse at kontaktpersonar har forskjellige oppfatningar og grunngeving for barn si deltaking, samt hindringar for deltaking. Studiane til Archard og Skivenes (2009) og Vis og Thomas (2009) indikerer blant anna at oppfatningane av barn si deltaking varierer frå å sjå/møte barnet, via å informere barnet, høyre og utforske barnet sine synspunkt, konsultere barnet, og til å betrakte barnet som ein sjølvstendig aktør. Det vert synleggjort fleire grunngevingar for barn si deltaking. Ofte vert det knytt til barn sin rett til deltaking, som ei kjelde til informasjon om barnet sine behov og ynskjer, eller som ein metode for lettare å få barnet til å akseptere vedtak (Healy & Darlington, 2009 i Van Bijleveld et al., 2015).

I følge fleire studiar er barrierer for deltaking knytt til problematikk, forhold ved barnet og organisatoriske forhold (Archard & Skivenes, 2009; Vis & Thomas, 2009). Archard and Skivenes (2009) hevder at det særleg i alvorlege saker om omsorgssvikt og overgrep, er utfordrande for kontaktpersonen å legge til rette for barn si deltaking. Kontaktpersonen kan vegre seg for å involvere barnet med tanke på saka si problematikk. Haldningar knytt til at barnet er sårbart og bør beskyttast, samt det at å snakke med barn om vanskelege ting krev særleg kompetanse, vert også identifisert som hinder for barn si deltaking (Vis & Thomas, 2009). Eit slikt perspektiv på barn er utbredt i fagfeltet. Alder og modning vert ofte diskutert i høve barn si deltaking. Forsking syner at sjølv om alder er eit argument for at yngre barn ikkje deltar i barnevernet, så viser det seg også at eldre barn som deltar ikkje nødvendigvis har særleg verknad på avgjersler som vert fatta (Vis & Thomas, 2009). Nokon kontaktpersonar tviler på barnet si truverd, og «ufornuftige» barn kan lett ekskluderast frå prosessar knytt til avgjersle (Holland, 2001 i van Bijleveld et al., 2015; Archard & Skivenes, 2009).

Kontaktforholdet mellom kontaktpersonen og barnet vert framheva i fleire studiar som syner både barnet og kontaktpersonar sine erfaringar (van Bijleveld et al., 2015). I studien til Vis, Holtan, and Thomas (2010) vert det presentert at eit godt kontaktforhold er viktig for at

---

barnet skal kunne formidle sine synspunkt, samt for at kontaktpersonen skal kunne vurdere om det barnet formidlar samsvarar med barnet sine ekte kjensler. For å kunne danne seg ei meining om barnet sine synspunkt er det naudsynt med meir enn ein enkelt samtale med barnet (Archard & Skivenes, 2009). Funn i van Bijleveld et al. (2015) syner at det er mange kontaktpersonar som opplever det som vanskeleg å etablere ein god relasjon til barna på grunn av manglande kompetanse, eller utfordringar med å skape gode og trygge rammar for samtalen. Å etablere ein god relasjon til dei yngste barna syner seg også å vere ei utfordring med tanke på barnet sin alder og modenheit. Eit manglande kontaktforhold kan skape utfordringar for kontaktpersonen når ein skal vurdere om det barnet formidlar er «sant» eller om barnet er påverka av foreldre eller andre vaksne (Archard & Skivenes, 2009; Holland, 2001 i van Bijleveld et al., 2015).

I Nederland påpeikar ein studie (van Bijleveld et al., 2015) at relasjonen mellom barnet og kontaktpersonen syner til å vere den viktigaste faktoren i høve moglegheit og barriere for deltaking. Det er viktig å erkjenne at det er kontaktpersonen som avgjer når og på kva måte barnet skal delta. Difor bør ikkje intensjonen om å fremje barn si deltaking fokusere kun på kontaktforholdet, men heller på barn sine rettar til å delta. Vidare i studien til van Bijleveld et al. (2015) vart det synleggjort at kontaktpersonar anerkjente viktigheita av barn si deltaking. Likevel var det store variasjonar knytt til kva kontaktpersonar definerte som deltaking. van Bijleveld et al. (2015) syner også til at kontaktpersonar sitt syn på barn, og innhaldet og alvorsgraden i saka, kan vere eit hinder for barn si deltaking. Med dette meinast det underliggande synet på barn som sårbare individ som er i behov for beskyttelse framfor retten til deltaking. Det vert ofte synt til barnet sin umodenheit. Fleire fagfolk uttrykker sterke forbehold i høve hensikten og sikkerheiten ved å involverer dei yngste barna, særleg dei under 5 år, i barnevernet sine avgjersler (Healy & Darlington, 2009).

Collins (2017) hevdar at barnekonvensjonen har hatt innflytelse på at det i litteratur og forskning eksisterer mykje støtte til barn si deltaking. Collins (2017) understrekar at alder på barnet er eit hinder for deltaking av fleire grunnar. For det første utfordrar barn si deltaking dei tradisjonelle ideane om barndom, samt forståinga av barn som sårbare og i behov for beskyttelse. For det andre er det ueinigheit kring korleis ein kan best mogleg kan støtte beskyttelse av barn dersom barnet motseier seg dette. For det tredje er det fleire veldokumenterte utfordringar i høve prosessar med barn si deltaking. Eksempelvis utfordringar med å vektlegge det barn formidlar, manglande tilbakemelding til barn, vaksne

si vilje til å tilpasse og involvere barn på ein meningsfull måte i avgjersleprosessar, og strukturelle og institusjonelle utfordringar i barnevernet (Collins, 2017). Å anerkjenne at barn har slike rettar, gir ei utfordring for veletablerte haldningar og praksis.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) skal utarbeide faglege anbefalingar i høve barn og unge sin medverknad i tiltak i barnevernet. Folkehelseinstituttet (Ormstad et al., 2020) har difor gjennomført ein systematisk kartleggingsoversikt av forskning på barn og unge sin medverknad i barnevernet. Formålet var å kartlegge og kategorisere eksisterande forskning, samt identifisere forskingshol som kan lede til vidare forskning. Det eksisterer mykje forskning om barn og unge si oppleving av eiga brukarmedverknad i møte med barnevernstenesta, samt dilemma med og barrierer for brukarmedverknad. Hovud forskingshol er forskning knytt til effekten av brukarmedverknad (Ormstad et al., 2020).

Som kort skreve innleiingsvis gjennomførte Havnen et al. (2020) ein studie om barn og foreldre sin medverknad i barnevernet sitt undersøkingsarbeid. Resultata frå studien syner at barnevernet oftare har samtalar med eldre barn enn yngre barn. 73 % av barna over 6 år hadde samtalar med barnevernet. Det var også oftare samtalar med barn som tidlegare hadde fått bekymringsmeldingar eller hjelpetiltak. Analyser i studien synte at barnevernet oftare snakka med jenter enn gutar. I dei sakene der barnevernet ikkje snakka med barnet, var det mangelfull dokumentering i høve vurderingar knytt til desse avgjerslene. Kun om lag ein femtedel av sakene inneholdt dokumenterte vurderingar for kvifor barnet ikkje var snakka med. Dei viktigaste enkeltgrunnane for å ikkje samtale med barnet var barnet sin alder, barnet sin kontakt med andre instansar og bekymringa avklart/ikkje nødvendig (Havnen et al., 2020).

Det har skjedd mange endringar innan barnevernsfeltet dei siste tiåra. Som skrevet tidlegare er det mykje internasjonal og nasjonal kunnskap og forskning innan temaet barn si deltaking i barnevernet. Barn sin rett til medverknad i avgjersler som gjeld deira liv er nedfelt i FN's barnekonvensjon av 1989, artikkel 12. Fleire land har slutta seg til konvensjonen, deriblant Norge. Barnekonvensjonen legg såleis føringar for barnevernstenesta sitt arbeid. Det vert konstantert i både norsk og internasjonal faglitteratur at den retoriske kampen om barn si deltaking langt på vei er vunne, men at det er langt meir utfordrande når aktørstatus og deltaking skal verte gitt innhald og handling i barnevernet sin praksis. Kunnskapsstatusen syner manglande kompetanse hjå kontaktpersonar i barnevernet, og at kontaktpersonar sitt syn på barn og tolking av deltaking legg føringar for korleis barn si deltaking vert praktisert.

Dei yngste barna får ikkje delta i den grad dei burde etter barnekonvensjonen og nasjonalt lovverk i Norge. Eldre barn får i større grad delta enn yngre barn. Kontaktpersonar formidlar utfordringar knytt til å la små barn delta med tanke på barnet sin sårbarheit og behov for beskyttelse. Likevel har det vore vanskeleg å finne studiar som eksplisitt fokuserer på dei yngste barna og deira deltaking i barnevernet.

## 4. Teoretisk rammeverk

### 4.1 Den europeiske menneskerettighetskonvensjon og FNs barnekonvensjon

Den europeiske menneskerettskonvensjonen er ein internasjonal avtale, der 47 medlemsland av Europarådet har forplikta seg ovanfor kvarandre til å sikre individ sin fridom og rettar (Den Europeiske Menneskerettighetskonvensjonen, 1950). Rettigheitane i den europeiske menneskerettskonvensjon beskyttar i hovudsak sivile rettigheitlar, men også enkelte politiske og økonomiske rettigheitlar. Hovudkonvensjonen verner blant anna retten til liv, retten til fridom og sikkerheit, retten til privatliv og familieliv m.m. Sjølv om den europeiske menneskerettskonvensjonen beskyttar mange rettigheitlar, er det samstundes mange rettar som ikkje er inkludert. Teksten i konvensjonen er i liten grad retta inn mot vern og betring av situasjonar for utsette grupper, eksempelvis barn. Det betyr at den europeiske menneskerettskonvensjon må supplere med andre europeiske og internasjonale konvensjonar ved behov, eksempelvis FNs barnekonvensjon (Den Europeiske Menneskerettighetskonvensjonen, 1950).

Som skreve er barnekonvensjonen (1989) ein internasjonal avtale som beskytter barn sine rettigheitlar. Barnekonvensjonen beskyttar mange rettar som også er verna av menneskerettighetskonvensjonane som gjeld alle mennesker, men den samlar alle rettigheitlar som angår barnet på ein stad.

I barnekonvensjonen (1989) artikkel 12 kjem det fram at dei landa som har slutta seg til konvensjonen er pålagt å garantere at barn som er i stand til å danne seg egne meiningar, får ivaretatt sin rett til fritt å gi uttrykk for sine synspunkt i alle forhold som rører ved dei. Barnet sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med barnet sin alder og modenheit. Vidare går det fram at barn særleg skal bli gitt moglegheit til å bli høyrte i ein kvar rettsleg og administrativ sakshandsaming som angår dei. Dette kan enten gjerast ved at barnet gir ein direkte uttale, eller ved at barnet sine synspunkt vert representert gjennom andre eller anna organ. Dette må vere i samsvar med sakshandsamingsreglar i nasjonal rett, og må ivaretakast i ei barnevernssak. Norge er eit av landa som har slutta seg til barnekonvensjonen.

---

Den europeiske menneskerettighetskonvensjon av 1950 og FNs Barnekonvensjon om barn sine rettigheter av 20. november 1989 er inkorporert i norsk lov (Ofstad & Skar, 2015). Norges grunnlov § 104 inneheld fleire av prinsippa som ein finn i den europeiske menneskerettighetskonvensjonen og barnekonvensjonen. Det betyr at i Norge har vi forplikta oss til å ha lover og reglar som er i samsvar med grunnlova og konvensjonen. Barnevernet må ta omsyn til grunnlova sine bestemmingar, i denne samanheng § 104, den europeiske menneskerettighetskonvensjonen og barnekonvensjonen, samt andre aktuelle lover og reglar når dei skal utøve sitt arbeid.

Grunnlova § 104 syner til barnet sin rett på menneskeverd ved at dei skal verte høyrde, og at det dei seier skal vektleggast. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn i alle avgjersler som har betydning for barnet (Grunnloven, 1814). Barnet sin integritet blir ivaretatt gjennom at det offentlege sikrar barn god utvikling først og fremst i eigen familie.

## 4.2 Eit juridisk perspektiv på barnets beste

Barnekonvensjonen er den første internasjonale menneskerettighetskonvensjon som gir barn ein spesiell juridisk status (Barnekonvensjonen, 1989). Konvensjonen stadfestar at barn har menneskerettigheter, samt krav på spesiell beskyttelse. Dei landa som har slutta seg til konvensjonen må følge det som står i den. Alle land i verda, utanom USA, har slutta seg til barnekonvensjonen. Samstundes kan statar reservere seg mot delar av innhaldet i barnekonvensjonen. FNs barnekomite har utpeika fire konvensjonsbestemmingar som prinsipp av generell eller overordna betydning. Det vil sei at dei fire prinsippa har betydning for forståing av heile konvensjonen. Dei fire prinsippa er; prinsippet om barnet sitt beste (artikkel 3), prinsippet om ikkje-diskriminering (artikkel 2), retten til liv og utvikling (artikkel 6) og prinsippet om barnet sin rett til å bli høyrte (artikkel 12). Etter den normative aksepten av barn si deltaking og erkjenning av positiv innflytelse av denne, har fleire land valt å implementere barnekonvensjonen i deira velferdspolitik og lovbestemmelsar. I følge engelsk barnelov, English Children Act, 1989, (Education, 2015) må tilsette i barnevernet forstå barn sine ynskjer og kjensler uavhengig av alder og ta dei i betraktning i lys av alder og forståing (Berrick et al., 2015; Dillon, Greenop, & Hills, 2016, referert i Kosher & Ben-Arieh, 2020). Liknande politikk finn ein også i Norge, New Zealand, Nederland, Portugal, Australia, Tyskland og Finland (Kosher & Ben-Arieh, 2020).

Barnekonvensjonen har spelt ei viktig rolle i forhold til synet på barn og barn sine rettar i Norge i dag (Strandbu, 2011). Barnekonvensjonen er bygd på FNs erklæring om menneskerettar av 1948. Barnekonvensjonen vart vedteke av FN i 1989, og ratifisert i Norge i 1991. Bache- Hansen (2011) syner til at konvensjonen omfattar barn i alderen 0-18 år, den er også formulert som individuelle, formelle, universelle og juridiske rettigheit. Det at konvensjonen er inkorporert i norsk lov inneber at den ved motstrid går framfor andre norske lover (Menneskerettsloven, 1999). Konvensjonen inneheld 54 artiklar som omhandlar barn sine særlege stillingar og behov.

Fire av artiklane i konvensjonen inneheld generelle prinsipp. Det betyr at dei både er ein rettigheit i seg sjølv, men at artiklane også skal takast omsyn til ved tolking og gjennomføring av alle dei andre artiklane. Barnets beste er eit prinsipp som også kjem fram i grunnlova (1814) og i lov om barneverntjenester (1992). I barnekonvensjonen artikkel 3, som handlar om barnets beste, står det følgjande:

*«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»*

Barnets beste er det mest sentrale omgrepet i barnekonvensjonen, likevel gir det ingen konkret definert rettigheit. Det er naturleg at det ikkje vert definert konkret då omgrepet gjeld alle barn uansett alder, og over heile verda. Innhaldet i omgrepet vil variere ut i frå kva kontekst barnet er i. Barnets beste vil vere eit verdispørsmål, men det grunnleggande er respekt for barnet sitt menneskeverd og integritet. Når ein skal vurdere barnets beste er det sentralt å ta utgangspunkt i det enkelte barn sine behov og forutsetningar. Ein må vurdere fleire forhold ved omsorga barnet mottok når ein skal ta stilling til barnets beste. Ein føresetnad for normal utvikling hjå barn er at dei grunnleggande psykologiske behov er ivaretekne. I tillegg må barnet sitt behov for omsorg, kjærleik og beskyttelse frå nære personar vere dekte. Det er også andre viktige faktorar som stabilitet og varige forhold til familie, samt moglegheit til innflytelse og verknad på eigen situasjon. Kunnskap om barnet kan tileignast på mange måtar, men i enkeltsaker er det viktig å snakke med barnet slik at ein får fram barnet sitt syn på situasjonen (Haugli, 2012)

Artikkel 12 som omhandlar barn sin rett til å bli høyrte er sentral i denne oppgåva. Artikkelen lyder som følgjer:



---

*«1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*

*2. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett».*

Gamst (2011) forklarer at artikkel 12 inneber at vi som vaksne i daglegdagse og vanskelege saker er forplikta til å møte kvart enkelt barn som fullverdige, sjølvstendige menneske som har rett til innflytelse, rett til å verte høyrte, rett til å sei si meining og rett til informasjon.

Omgrepet deltaking er ikkje spesifikt brukt i artikkelteksten, men i FN's generelle kommentar nr. 12 (2009) blir det forklart at omgrepet deltaking vert brukt i forbindelse med artikkel 12. Det står her at omgrepet deltaking;

*«er nå allment brukt for å beskrive pågående prosesser som blant annet omfatter informasjonsutveksling og dialog mellom barn og vaksne, basert på gjensidig respekt, og der barn kan erfare hvordan deres synspunkter og vaksnes synspunkter blir tatt hensyn til og former resultatene av disse prosessene» (Generell kommentar nr. 12, 2009, s. 5)*

Det vert presisert i barnekonvensjonen at barnet si meining skal vektleggast i samsvar med barnet sin alder og modenheit. Det er ingen aldersgrense, noko som inneber at alder og barnet sitt utviklingsnivå skal leggast til grunn i fortolkinga av barnet sine ytringar (Gamst, 2011).

Barn sin rett til å bli høyrte og barns beste vert omtalt i grunnlova § 104. I første ledd står det «barn har krav på respekt for sitt menneskeverd. De har rett til å bli høyrte i spørsmål som gjelder dem selv». I høve barn si meining står det «skal tillegges vekt i overensstemmelse med deres alder og utvikling». Vidare i andre ledd står det «ved handlinger og avgjørsler som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn». I 2014 vart denne endringa gjort ved grunnlovsvedtak.

I barnevernloven (1992) vert omsynet til barnet sitt beste omtalt slik i § 4-1: «Ved anvendelsen av bestemmelsene i dette kapitlet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til det beste for barnet». Vidare i andre ledd står det at «barn skal gis mulighet til medvirkning og det skal tilrettelegges for samtaler med barnet». Det siste leddet kom som lovendring i 2013. Det vart utarbeida eiga forskrift som omhandlar barnet sin medverknad og barnet sin rett til å ha ein talsperson (Forskrift om medvirkning og tillitsperson, 2014).

I følge Strandbu (2011) er omsynet til «barnets beste» eit uttrykk som vert brukt i mange samanhengar, og som omhandlar både juridiske, faglege og politiske aspekt. Kva som vert lagt i omgrepet er ikkje like klart. Omgrepet er sentralt i barnevernet sitt arbeid, og skjønn vert nytta for å forklare barnet sin situasjon, samt ved vurdering av kva som er til det beste for barnet når tiltak skal avgjerast (Haugli, 2012). Kontaktpersonar i barnevernet og andre vaksne som omgåast barnet har eit stort ansvar når ein skal vurdere kva som er til det beste for barnet. Kva moglegheit barn har til deltaking er nært knytt til dei vaksne sine førestillingar, oppfatning og syn på barn og barndom. Deltaking vert difor avhengig av dei vaksne sine haldningar og verdiar (Eide & Winger, 2006).

### 4.3 Teori om barndom og barn si utvikling

Det er mange teoriar for å forstå barn og barn si utvikling. Ulike teoretiske perspektiv for å forstå barn både opnar og lukkar for tolkingmoglegheita i barnevernet sitt arbeid (Hennum, 2016). Gjennom nyare barndomssosiologi har det vokse fram eit syn på barn og barndom der barn vert forstått som sjølvstendig og autonome med eigne kvalifiserte synspunkt vedrørande sine eigne behov (Bunkholdt & Kvaran, 2015; Strandbu, 2011; Thrana, 2008). Synet på barn har utvikla seg frå å sjå barnet som eit sårbart objekt til å sjå på barnet som handlande subjekt. Barn vert i aukande grad forstått som fornuftige og kompetente, som fører til at deira opplevingar av verkelegheita får komme fram i fleire samanhengar (Samuelson, D., & Hundeide, 2013; Thrana, 2008). Eit slikt auka fokus på barn sin medverknad er også å finne i barnevernet.

Som skreve har det vore ei utvikling mot å forstå barn som sjølvstendige individ og aktørar som påverkar og har eigne meningar om kva som er best for deira liv (Sommer, 2012). Tidlegare skulle barn i større grad innordne seg etter vaksne sine reglar og utvikle seg til gode samfunnsborgarar. Sommer (2012) hevder at dette perspektivet i dag kan oppfattast

---

som tosidig. På den eine sida vert barn oppfatta som meir sårbare med aukande behov for beskyttelse. Dette kan sjåast i samheng med vår tids velferdsmodell kor ein fokuserer på minoritetsgrupper si oppleving, samt deira rett til å fremje sine synspunkt. Barn kan forståast som ei slik minoritetsgruppe kor dei no har blitt ein del av ein slik humaniseringstanke, grunna fokus på barn sin rett til medverknad. På den andre sida vert barn i aukande grad oppfatta som aktive og sjølvstendige individ som har verknad på sine omgivnader.

I følgje Sommer (2012) må denne utviklinga av barn som sjølvstendige aktørar sjåast i samheng med samfunnsutvikling kor det humanistiske menneskesynet er meir sentralt no enn før. I vår tids forståing av omsorg i gjensidigheit mellom barn og vaksen, inneber det at den vaksne har ein ny form for innleving i høve barnet (Sommer, 2012). Det var tidlegare lite fokus på foreldre sitt kjenslemessige samspel med barn. Disiplin var vanlegare i oppsedinga av barn. Ein kan forstå utviklinga av eit meir humanistisk menneskesyn i forbindelse med at samfunnet vårt har utvikla seg til eit meir og meir demokratisk samfunn. Dette har igjen hatt verknad på utviklinga av faglege perspektiv på korleis ein forstår barn. Når ein veks opp i eit demokratisk samfunn krev dette andre eigenskapar enn om barnet veks opp i eit samfunn kor ein må innordne seg etter reglar og rutinar. I eit demokratisk samfunn er evne til forhandling viktig. Ein føresetnad for gode forhandlingar er at ein evner å forstå kva andre tenkjer, føler og få tak i deira oppfatningar. Dette er sentrale eigenskapar som vert utvikla og lært til barn i vårt samfunn. For å sikre at barn utviklar forhandlingsferdigheit er ein avhengig av at foreldre, kontaktpersonar i barnevernet og andre barnet omgåast evner å skape gode og utviklande relasjonar mellom vaksne og barn. Det vil sei at den vaksne må sjå barn som likeverdige menneske med rett til respekt og som ikkje skal krenkast. Denne utviklinga kjem blant anna til syne i barnevernet gjennom at barn sine rettar vert auka, og det såleis stiller større krav til at kontaktpersonen får fram barnet sine meiningar og ynskjer for sin situasjon (Sommer, 2012).

Å forstå barn som medborgarar, samt ha eit humanistisk perspektiv på barn, betyr at barn må akseptrast på lik linje med vaksne (Sommer, 2012). Det inneber at det ikkje er gitt at den vaksne veit kva som er best for barnet. Innan dette perspektivet vert barn forstått som meiningsskapande og medverkande subjekt der deira eigne forståingar må bli tatt omsyn til (Sommer, 2012).

## 4.4 Barneperspektiv og barn sitt perspektiv

Korleis vi ser på og forstår barn er viktig i forhold til våre haldningar og handlingar ovanfor barn. Fleire forfattarar har forklart ei endring i synet på barn frå slutten av 1900- tallet (Strandbu, 2011). Kort forklart har endringa gått frå å betrakte barn som passive mottakarar der barndom vert sett på som eit forstadium til å verte vaksen, til barn som aktivt deltakande i eiga utvikling som eit sjølvstendig individ med eigne rettigheitar. Ein ser at denne utviklinga også er tydeleg i lovverk og styringsdokument for barnevernstenesta sitt arbeid.

Kontaktpersonen sitt barneperspektiv, det vil sei kontaktpersonen sitt syn på barn og oppfatning av barn, gir føringar for korleis og i kva grad barnet vert inkludert som informant og samarbeidspartnar. Nokre moment som gir føringar for i kva grad barnet vert inkludert, er om kontaktpersonen er opptatt av barnet sitt perspektiv, om ein har tiltru til det barnet fortel og oppfatning av kva eit barn meistrar (Juul, 2010).

I følgje Strandbu (2011) så består barneperspektivet av tre ulike komponentar. Den første komponenten handlar om den historiske og kulturelle forståinga av barn sin posisjon, slik som det kjem fram i lovverk og konvensjonar som omhandlar barn sine rettigheitar. Sentralt i dette perspektivet er utviklinga knytt til synet på barn generelt og barn sine rettigheitar i forhold til deltaking og medbestemming. Vidare handlar den andre komponenten om korleis dei vaksne står i ein relasjon til barnet, korleis ein ser og forstår barnet og barnet sitt behov. Det vil sei at dei vaksne vurderer ut i frå eiga historie og erfaring kva dei meiner er det beste for barnet i situasjonen. I denne vurderinga er også søken etter å forstå korleis barnet ser på sin eigen situasjon, kva barnet meiner sjølv og ynskjer, og så fatte avgjersler ut i frå eit slikt grunnlag. Det siste perspektivet omhandlar korleis verda ser ut frå barnet sitt eige perspektiv, samt ei forståing for at berre barnet sjølv kjenner dette perspektivet fullt ut.

Ei slik forståing syner at barnet sine eigne meiningar og tankar er viktig og nødvendig informasjon for å kunne komme fram til det beste for barnet, men også for å behandle barnet som eit subjekt (Strandbu, 2011). I følgje Strandbu (2008) er ei forståing av barneperspektivet som inkluderer alle tre komponentane, eit viktig hjelpemiddel for å få auge på, og diskutere utfordringar knytt til barn si deltaking.

Eit viktig moment ved barneperspektivet er det relasjonelle aspektet ved omgrepet. Det inneber å ha merksemd på at barnet si oppfatning av eigen situasjon vert formidla til ein anna

---

person, eksempelvis i eit møte. Personen si oppfatning av barnet, samt det barnet formidlar, har verknad på korleis barnet sitt perspektiv vert forstått og formidla vidare (Strandbu, 2011).

Eit barneperspektiv slik det er beskrive her understrekar barnet som aktør i eiga sak. Det er fleire som påpeikar viktigheita av at denne forståelsen ikkje må gi den konklusjonen at eit barn er eit «kontaktlaust» barn. Eksempelvis at barnet kun vert forstått som eit autonomt individ som uavhengig av sine omgivningar og relasjonar til andre, uttrykker sine innerste meningar (Christiansen, 2012; Ulvik, 2009). Samstundes er det viktig å sjå at heile barnekonvensjonen er eit uttrykk for barn sine rettar. Det betyr at barn også har rett til å bli beskytta av vaksne. Som Kosher and Ben-Arieh (2020) legg vekt på er dette særleg aktuelt i barnevernssaker, då barnevernet sitt mandat jf. Bvl § 1-1 er å «sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid» (Barnevernloven, 1992).

## 4.5 Barnet som subjekt eller objekt

Ei av hovudoppgåvene til kontaktpersonar i barnevernet er å undersøkje og gjer vurderingar knytt til det enkelte barn sitt hjelpebehov. For å oppnå dette er det ein fare for at kontaktpersonar objektiviserer barnet, då fokuset er på å beskytte barnet (protection), samt sørge for at barnet har tilgang til nødvendige ressursar (provision). Samstundes som barnet kan framstå som eit objekt for kontaktpersonen, så er barnet eit subjekt i si eiga verd med ferdigheitar til å reflektere kring eigen situasjon. I den norske konteksten syner både barnevernslova og barnekonvensjonen til barnet sine sjølvstendige rettar som subjekt, med rett til å delta og sei si eiga mening. For at barn sine rettar etter lov og konvensjon skal vere mogeleg å oppfylle, er det ein føresetnad at barnet må sjåast som subjekt (Strandbu & Vis, 2012).

Den norske filosofen Skjervheim (1976) var opptatt av forhold mellom menneske, samt menneske sin evne til å reflektere over seg sjølv. Han beskriv ulike haldningar som menneske kan ha i relasjon til andre. Ein relasjon kan beskrivast som to-ledda, der ego er i relasjon til si sak, og alter er i relasjon til si sak. Denne type to-ledda relasjon inneber at «eg ikkje bryr meg om det sakstilhøvet han referer til» noko som kan føre til at ego og alter kun ser og forstår si eiga side av saka. Ein relasjon kan også vere tre-ledda, som vil sei ein

relasjon mellom ego/meg sjølv, saka, og alter/den andre. Ein slik relasjon vert prega av at partane er engasjert i same problem, der ego og alter har noko felles, og der begge partane er engasjert i det som er felles (Skjervheim, 1976).

I følge Skjervheim kan ei slik forståing av relasjon ha verknad på korleis ein kan oppfatte eit utsegn. Det vil sei at ein to-ledda relasjon er når den andre sine utsegn vert oppfatta som eit faktum, noko som inneber at vi ikkje lar oss engasjere i diskusjon kring dette. Det motsette er å oppfatte eit utsegn som ein påstand, noko som inneber at det kan innehalde eit mangfald av fakta, og utsegnet kan såleis diskuterast. Slik vil det vere i ein tre-ledda relasjon (Skjervheim, 1976).

Skjervheim (1976) er opptatt av mellommenneskelege forhold og hevder at i tillegg til at vi er subjekt i eige liv, så framstår vi som objekt for andre menneske. Dette inneber at eg som menneske er subjekt i min verden. Samstundes er andre eit objekt for meg, noko som inneber at eg ikkje ser eller kjenner til saka slik den framstår for dei (Skjervheim, 1976).

Ved å knytte desse betraktningane til barn si deltaking i eiga barnevernssak, vert det skissert fleire tema som bør reflekterast over knytt til korleis vi ser på barn og deira deltaking. Skjervheim sine omgrep syner til nokon av utfordringane som kan oppstå når to menneske snakkar saman. Det å ha felles fokus, ta den andre sin ståstad, samt forstå det den andre meiner kan vere vanskeleg. Særskilt dersom den eine sine erfaringar skiljer seg i stor grad frå den andre på vesentlege områder. Som tilsett i barnevernet vil dette vere tilfellet for mange. Desto vanskelegare opplevingar barnet har hatt, desto større sjanse er det for at vaksne hjelpearar vil ynskje å beskytte barnet. Det vil såleis vere ein fare for at barn objektivast (Strandbu & Vis, 2012).

Ei av oppgåvene til barnevernet er å kartlegge eit barn sin situasjon og vurdere moglege tiltak. Når dette skal gjerast vert det innhenta informasjon om barnet sin situasjon og hjelpebehov. Informasjon vert innhenta frå ulike partar eksempelvis; foreldre, lærarar, helsesjukepleiar eller andre som barnet har nær og regelmessig kontakt med. Informasjon som vert gitt av partane er ut frå eit syn på barnet som objekt. Kontaktperson må ta stilling til om, på kva måte og i kva grad barnet som subjekt skal inkluderast i arbeidet, og på kva måte og i kva grad barnet sine eigne uttalar og synspunkt skal vektleggast i prosessar knytt til avgjerse. Viktige premisser i dette arbeidet er kontaktperson sitt syn på barn, forståing for

---

barneperspektiv og barnet sitt eige perspektiv. Å samtale med barn er ein viktig arena for å få kjennskap til barnet sitt eige perspektiv, og samstundes behandle barnet som subjekt.

## 4.6 Barnesamtalar i barnevernet

Barnesamtalar i barnevernstenesta kan ha mange ulike formål. Ved å snakke med barnet kan kontaktpersonen få informasjon om barnet sitt kvardagsliv, barnet si oppleving av eigen situasjon, samt gi informasjon om korleis barnevernstenesta jobbar i saka. Informasjon barnevernet får i slike samtalar, samt skriftlege og munnlege opplysningar frå personar i barnet sitt nettverk, og kontaktpersonen sine eigne observasjonar, dannar grunnlaget for å ta avgjersler til det beste for barnet. For å oppnå barnet sin rett til deltaking jf. barnevernslova og barnekonvensjonen, krev det ein prosess der barn si deltaking vert gjennomført i alle fasar av barnevernssaka, det vil sei under kartlegginga, iverksetting og evaluering av tiltak.

Barnesamtalar i barnevernet handlar ikkje berre om barnet sin rett til å bli høyrte, men også barnet sin rett til å få støtte til prosessar som han vere til hjelp for å forstå kva som skjer, og såleis bidra til barnet si meiningdanning. Barnesamtalane har sjeldan som mål at barnet berre skal svare ja eller nei på konkrete spørsmål. Det er vanleg at barnet skal fortelje om seg sjølv, sin eigen situasjon, familien sin situasjon, samt eigne ynskjer og behov. Som Gulbrandsen, Seim, and Ulvik (2012) framhevar, så er utfordringa til kontaktpersonen å legge til rette slik at barnet får nødvendig hjelp til å danne seg meiningar og uttrykke meining i konkrete saker som omhandlar dei.

Det kan vere utfordrande å samtale med barn om tema knytt til barnevernssaka (Gamst, 2011). Det er først og fremst utfordrande for barnet som vert bedt om å ytre seg om tema som ofte har stor betydning for barnet og familien. Slike tema kan eksempelvis vere omsorgssvikt i ein eller anna form, vold, konflikstar, og/eller kvar barnet skal bu. Det er viktig og nødvendig å samtale på ein måte som legg til rette for tillit og tryggleik for barnet, der barnet vert behandla som eit subjekt og yringskompetent knytt til eigen situasjon. Dette først og fremst for å legge til rette slik at barnet kan fortelje om si oppleving og sine ynskjer og behov (Gamst, 2011).

Å vite om det barnet seier er barnet sine eigne oppriktige meiningar og ynskjer kan vere ei utfordring. Barn kan oppleve å havne i ein lojalitetskonflikt. Det barnet formidlar kan vere

prega av lojalitet og ambivalens til foreldra, samt usikkerheit knytt til «kva som er riktig» å svare. Det er også viktig at kontaktpersonen har merksemd på om barnet syner usikkerheit og ambivalens knytt til eiga oppfatning av situasjonen, hendingar, kjensler og tankar i samtalen. Kontaktpersonen si utfordring er å få tak i barnet si eiga oppleving av sin situasjon, sjå situasjonen frå barnet sitt perspektiv, og samtidig ha ansvar for å ta avgjersler til det beste for barnet (Skauge, 2010).

Ulvik (2009) syner til at barn sine meiningar og ynskjer er prega av fleirtydigheit og ambivalens. Slik er det i mange samtalar i barnevernet, då situasjonar og hendingar som barnet skal ytre seg om er komplekse, samt kan ha store implikasjonar på barnet si framtid. Difor anbefaler Ulvik (2009) at den vaksne må ha fokus på å utforske det barnet seier, og samstundes lytte etter fleirtydigheit. I motsetning til å lytte etter eintydigheit for å få bekrefta eigne hypotesar. Gamst (2011) støttar dette og legg til at fagpersonar som skal samtale med barn om vanskelege hendingar må vere opptatt av meir enn berre å få ut informasjon frå barnet. Gamst understrekar viktigheita og betydninga av at den vaksne også er ein støtteperson for barnet, samt at samtalen kan starte ein terapeutisk prosess hjå barnet. I høve den terapeutiske prosessen er dette særleg knytt til at barnet vert møtt med aksept, anerkjenning og empatisk lytting. Ved å møte barnet på ein slik måte kan dette bidra til å gi barnet forståing, sjølvinnsikt, kontakt med eigne kjensler og tankar. Dette kan hjelpe barnet til å sjå samanhengar, bearbeide og løyse problem (Gamst, 2011).

## 4.7 Perspektiv og modellar for barn sin medverknad

### 4.7.1 Eit sosiokulturelt perspektiv på deltaking

Barn si deltaking i eigen barnevernssak omhandlar meir enn juridiske rettigheitar. I denne delen vil barn si deltaking i hovudsak verte knytt til eit sosiokulturelt perspektiv.

I barnevernet sine utgreiingar vert barnet ofte gitt liten plass, og barnet si oppleving av eigen omsorgssviktsituasjon kjem sjeldan fram (Killen, 2004). Killen forklarar at vaksne har utfordringar med å sjå barn i omsorgssviktsituasjonar og at årsaka blant anna omhandlar vanskar med å ta inn over seg barn sine lidningar. Når det vert argumentert mot å involvere barnet fordi barnet skal beskyttast, hevdar Killen at det i større grad omhandlar at dei vaksne ynskjer å beskytte seg sjølv. Vidare påpeikar Killen at barn har behov for å bli møtt og få



---

hjelp når dei opplever omsorgssvikt og overgrep. Det er difor viktig å kommunisere med barn om vanskelege livshendingar. Barn si deltaking kan gi barnet informasjon og forutsigbarheit, samt den nødvendige hjelpa for å få bearbeide vanskelege livshendingar. Deltaking og samtalar med barn om barnet sin situasjon kan hjelpe barnet ved å frata skuld og ansvar frå omsorgssviktsituasjonen (Killen, 2004).

I følge Ulvik (2009) omhandlar deltaking som omgrep om to diskursar, den juridiske diskursen og den sosiokulturelle diskursen. Barn sine meiningar vert forma og utvikla i interaksjon med andre menneske. Ulvik (2009) legg vekt på at dette er ein sentral premiss i sosiokulturell teoritradisjon. Det inneber at all handling og samhandling vert forstått som deltaking uavhengig av om personen er aktiv eller passiv, om personen har innflytelse eller ikkje. Ved bruk av eit slik perspektiv vert spørsmålet difor i kva grad og på kva måte barnet deltar, samt kva moglegheiter for deltaking som finnst (Ulvik, 2009).

Eit viktig argument for barn si deltaking er forståing av sosial interaksjon som grunnlag for barn si utvikling. Barn sine meiningar og synspunkt vert sett på som eit resultat av interaksjon, der den vaksne har rolle som medkonstruktør av mening, i staden for ein som hentar ut informasjon (Ulvik, 2009). Ved bruk av eit slikt relasjonelt syn inneber det at den vaksne sine kommunikasjonsferdigheitar er av betydning for å få fram barnet si forteljing. Barnet sin rett til deltaking vert her knytt til noko meir og noko anna enn ein juridisk rettighet. Det betyr at ut frå ei slik forståing omhandlar barn si deltaking også om ein rett til å få hjelp til å skape forståing og mening i dei situasjonar som barnet står i (Ulvik, 2009).

Eit anna viktig premiss som kjem av ei slik forståing, er at deltaking og medborgarskap heng nært saman. Barn oppnår medborgarskap gjennom å gjere egne erfaringar ved å delta og vere involvert, og såleis lære viktige ferdigheitar (Bache-Hansen & Frønes, 2012). Strandbu og Vis (2012) formidlar mykje av det same når dei framhevar viktigheita av deltaking for at barn skal lære seg ferdigheitar som kan føre til at overgrep og omsorgssvikt vert oppdaga. Når barn deltar får dei erfaring av at dei kan hevde sine egne meiningar, noko som igjen kan føre til at barn seier ifrå om synspunkt eller opplevingar, og på denne måten er dei med på å beskytte seg sjølv.

## 4.7.2 Shier si medverknadstrapp for barn

Dei siste 20 åra har det vore skreve mykje om korleis ein kan få fram barnet si meining. Det har blitt utarbeida fleire modellar og samtalemeterodar for å få til dette. Eg vil no syne nokon aktuelle modellar for fremjing av barns deltaking.

Shier (2001) si medverknadstrapp vert ofte referert til innan temaet barns deltaking. Shier si medverknadstrapp er eigentleg ei forenkla utgåve av Hart sin stige (Hart, 1992), som var ein tilpassing av Arnstein sin stige (Arnstein, 1969). Endringane som Shier har gjort er at han har utelatt dei trinna som beskriv «ikke-medvirking». Dette for å skissere ein modell som var konkret nok for å kunne følgjast. For kvart trinn i modellen vert det stilt tre spørsmål for å klargjere den som skal fatte avgjersler om si forplikting til å arbeide i partnerskap.

### The ladder of youth participation!

- 1) Barn vert lytta til
  - 2) Barn får støtte til å uttrykke sine meiningar
  - 3) Barn sine synspunkt vert tatt i betraktning
  - 4) Barn vert involvert i prosessar knytt til avgjersler
  - 5) Barn får ta del i makt og ansvar for avgjersler
- H. Shier, 2001

For djupare forståing for innhaldet i trinna til Shier (2001) si medverknadstrapp er det relevant å sjå nærare på spørsmåla knytt til kvart enkelt trinn.

#### Trinn 1, barn vert lytta til: (føresetnad om at barnet tar initiativ til å snakke)

- a) Er du klar for å lytte til barnet?
- b) Arbeidar du på ein måte som gjer det mogleg å lytte til barnet? (tid, rom, ferdigheit)
- c) Er det eit politisk krav å snakke med barn?

#### Trinn 2, Barnet får støtte til å uttrykkje sine meiningar

- a) Er du klar for å støtte barnet i å uttrykkje sine meiningar?
- b) Har du idear og aktivitetar som kan hjelpe barnet til å uttrykkje sine meiningar?
- c) Er det eit politisk krav at barn skal få støtte til å uttrykkje sine meiningar?

#### Trinn 3, Barnet sine synspunkt vert tatt i betraktning

- a) Er du klar for å ta barnet sitt synspunkt i betraktning?

- b) Gjer prosessar knytt til avgjersle det mogleg å ta barnet sitt synspunkt i betraktning?
- c) Er det eit krav at barnet sine synspunkt skal vektleggast i prosessar knytt til avgjersle?

#### Trinn 4, Barn vert involvert i prosessar knytt til avgjersle.

- a) Er du klar for å la barnet ta del i prosessar knytt til avgjersle?
- b) Finnes det ein prosedyre som gjer det mogleg at barn deltar i prosessar knytt til avgjersle?
- c) Er det eit politisk krav om at barn skal involverast i prosessar knytt til avgjersle?

#### Trinn 5, Barn delar makt og ansvar for avgjersler

- a) Er du klar for å dele noko av makta di som avgjerselstakar med barnet?
- b) Er det prosedyrar som mogleggjer at barn og vaksne kan dele makt og ansvar for avgjersler?
- c) Er det eit politisk krav at vaksne og barn skal ha delt makt og ansvar i avgjersler?

Shier påpeikar at dei tre første trinna i modellen følger av FNs barnekonvensjon om barn si deltaking (artikkel 12), men dei to siste trinna er opp til den enkelte organisasjon eller avgjerselstakar å ta stilling til. Etter norsk barnevernslov har barn i dag fullstendige partsrettar frå fylte 15 år. Barnet sin rett til å medverke vart tatt inn som ny lovparagraf frå 2018, §1-6 lyder slik «*Alle barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, har rett til å medvirke i alle forhold som vedrører barnet etter denne loven. Barnet skal få tilstrekkelig og tilpasset informasjon og har rett til fritt å gi uttrykk for sine synspunkter. Barnet skal bli lyttet til, og barnets synspunkter skal vektlegges i samsvar med barnets alder og modenhet...*».


Shier sin modell påpeikar at det er viktig at det ikkje berre er makt og innflytelse som skal delast mellom partane, men også ansvar og konsekvensar av avgjersler som vert tatt. Ei slik forståing reiser igjen spørsmålet om i kva grad barn skal ansvarleggjerast versus beskyttast knytt til avgjersler som har viktige konsekvensar i deira liv. I følgje Shier (2001) er ei sunn tilnærming til makt- og ansvarsdeling ein bevisstheit kring risiko og gevinst av dette. Samtidig som barnet sin innflytelse på ulike områder må føregår i støttande omgivnader, verte følgt opp og evaluert.

### 4.7.3 Prosesmodell for barn si deltaking i barnevernssaker

Shier sin modell for barn sin medverknad i prosessar knytt til avgjersle kan opplevast som ein generell modell. Det er utvikla fleire modellar knytt til barn sin medverknad. Nokon av

desse er meir spesifikke for medverknad i barnevernet. Ein av dei er prosessmodellen utvikla av Skivenes og Strandbu gjennom fleire arbeid tidleg på 2000- talet, sjå eksemplevis; (Strandbu & Vis, 2008). Modellen er kjent i norsk samanheng og er blant anna beskrevet i ein rapport om barn si deltaking i barnevernssaker skrevet av Strandbu and Vis (2008). Utgangspunktet for modellen byggjer på studiar om barn si deltaking i det engelske barnevernet på 90-tallet (Thomas & O'Kane, 1998). Studiane frå England synte at barn ikkje først og fremst ynskte å bestemme, men at deltaking framleis hadde ein verdi dersom det vart lagt opp til prosessar som førte til at barnet opplevde å bli sett, høyrte og respektert. Strandbu og Vis (2016) si forskning har i etterkant synt at det finns liknande resultat i Norge. Norske barn forbinder brukarmedverknad i større grad med å delta i prosessar enn å fatte avgjersler (Strandbu & Vis, 2016).

Modellen til Strandbu and Vis (2008) er delt inn i fem trinn. Desse trinna skal forståast som ein sirkulær prosess som ideelt sett aldri tek slutt. For å få ei heilskapleg forståing av prosessmodellen vert kvart trinn forklart nedanfor.



Illustrasjon frå rapport om «Barns deltakelse i barnevernssaker», Strandbu og Vis, 2008.

---

### **Trinn 1: informasjon**

Det er lovbestemt at barn skal informerast i saker som omhandlar dei. Dette er nedfelt i barnekonvensjon artikkel 13 og barnevernloven § 6-3. Å ha tilgang til informasjon er grunnleggande for at barn skal kunne delta i prosessar knytt til avgjersle, samt danne seg ei meining i saker som omhandlar dei (Strandbu, 2011). Strandbu refererer til (Sinclair, 1998) som syner til at barn sin manglande tilgang til informasjon, samt konsekvensar av dette for barn si deltaking i møter med barnevernet. Eksempelvis når barn ikkje vert informert om agenda for møtet, gjer dette det vanskelegare for barn å ytre sine meiningar. Manglande informasjon kan også føre til at barn opplever møter som keisame.

### **Trinn 2: meningsdanning**

I barnevernloven § 6-3 står det at barn «..skal gis anledning til å uttale seg før det tas avgjørelser..». Å vite kva ein sjølv meiner kjem ikkje av seg sjølv, verken for vaksne eller barn. I dei aller fleste situasjonar vert våre meiningar utvikla og klargjort i samtale med andre. Rett til deltaking omhandlar difor også å få hjelp til meningsdanning (Strandbu, 2011).

### **Trinn 3: uttrykke meiningar**

Dette trinnet omhandlar barn sin moglegheit for å formidle sine eigne meiningar. For å oppnå barn si deltaking må barnet sine tankar og meiningar gjerast kjend, og dei vaksne må legge til rette for at det er mogleg når barnet ynskjer det. I prosessar knytt til ei avgjersle i ei barnevernssak må dette gjerast i alle fasar av arbeidet (Strandbu, 2011). Barnet sine føresetnadar for å formidle og uttrykke eigne tankar og behov varierer. Nokon barn har lett for å fortelje og formidle sine tankar og meiningar, medan det er vanskelegare for andre. Når vaksne skal legge til rette for at barn kan formidle sine meiningar er det viktig å vere merksam på barnet sitt behov for hjelp og støtte. Alder, personlegdom og erfaring kan ha verknad på kor mykje hjelp barnet treng for å hevde sine eigne meiningar. Her vil også den vaksne sine eigenskapar og ferdigheitar i kommunikasjon med barnet vere viktig ut frå ein relasjonell forståing av kommunikasjon.

### **Trinn 4: inklusjon av meiningar**

Dette trinnet inneber at den vaksne må vere villig til å lytte til, tenke gjennom og diskutere barn sine meiningar. Strandbu syner til Skjervheim (1976) som hevdar at å ta vedkommande

sine utsegn opp til drøfting er grunnleggande for å kunne betrakte den andre parten som eit subjekt. Inklusjon av meining betyr ikkje at barnet alltid skal få bestemme (Strandbu, 2011). Når barn har innspel og argument må desse bli tatt opp på ein slik måte at barnet opplever å bli tatt på alvor, lytta til, samt gitt ei forklaring dersom innspela ikkje vert tatt til følge. Utfordringa for den vaksne kan vere å forstå det barnet prøver å formidle og på den måten som barnet har meint det. Strandbu (2011) er opptatt av at det er den vaksne som har ansvaret for at det er samsvar mellom det barnet har forsøkt å formidle og det den vaksne har forstått.

### **Trinn 5: oppfølging**

Det siste trinnet omhandlar kva som skjer etter at ei avgjersle har blitt tatt. Barnet kan vere i behov for ytterlegare informasjon, få gjentatt opplysingar som tidlegare vart gitt i møtet, behov for å drøfte ting vidare for å forstå meir eller liknande. I dette trinnet er det fokus på kven som tar ansvar for å følgje opp barnet i denne fasen, for å sikre at barnet sine reaksjonar og spørsmål vert fanga opp og svart ut på best mogleg måte.

---

## 5. Metode: Innsamling, utvelging og viktige kriteriar

I dette kapittelet vil eg gjere greie for alle metodiske aspekt ved studien. Først skal vi sjå på vitskapleg tilnærming, deretter fylgjer val av metode. Vidare i kapittelet vil forskingsetiske omsyn, datainnsamling og analytisk framgangsmåte bli presentert. Formålet med studien er å identifisere faktorar som har innflytelse på barn si deltaking i barnevernet og om barnet sin alder har innflytelse på deltaking.

Metode vert grunnleggande forstått som ein bestemt teknikk til innsamling, formatering og behandling av data (Åkerstrøm, Bagge, & Esmark, 2006). Problemstillinga og kva slags samfunnsforhold vi ynskjer å få meir kunnskap om er avgjerande for val av metode. For å utforske og forstå meininga som individ eller grupper legger ved eit sosialt eller menneskeleg fenomen, brukast ofte kvalitative metodar (Creswell, 2014; Grønmo, 2016). Målet med dette prosjektet, var som nemnt tidelegare å beskrive barn si deltaking i barnevernet og sjå om barn si deltaking i ulik alder vert synleggjort i forskning. Då dette er ein relativt lite utforska problemstilling i Norge, ønska eg ei brei tilnærming til tematikken, noko ein enkeltstående studie innanfor rammene av eit masterprosjekt ikkje ville kunne gi. Eg har difor valt å utføre ein variant av eit systematisk litteraturstudie, kalla *scoping review*. Dette er ein metode som kan nyttast for å raskt få kartlagt nøkkelkonsept i eit forskingsområde.

### 5.1 Vitskapleg tilnærming

Vitskapsteori syner til korleis dei ulike vitskapane kan studerast frå forskjellige perspektiv (Thomassen, 2013). Epistemologiske og ontologiske standpunkt saman med egne verdier er det som skapar fundamentet for forskaren sitt syn på, og innhenting av kunnskap. Desse standpunkta er ofte kombinert i ei skildring for å vise til læra om kunnskap og innsikt, og er ein sentral dimensjon som i kombinasjon med teoretiske og ideologiske antak lagar grunnlaget for kva forståing som ligg til grunn i eit forskingsarbeid. Samtidig legg det også føringar for litteraturstudien sitt mål og tilnærming (Gough, Thomas, & Oliver, 2012).

Denne studien tar utgangspunkt i eit sosialkonstruktivistisk kunnskapssyn som bygger på at verda er eit sosialt konstruert fenomen. Creswell (2014) syner til at det då blir vektlagt at

kunnskap oppstår i ein intersubjektiv kontekst, samt formast av historiske og kulturelle normer. Vår sjølvforståing og verkelegheitsforståing vert danna i denne konstruksjonen, og egne erfaringar vert nytta for å forstå andre menneske og samfunnsfenomen (Creswell, 2014; Thomassen, 2013). Dette perspektivet representerer eit alternativ til positivismen som hevdar at det finns ei objektiv sanning som kan framkomme gjennom observasjon og logikk (Thagaard, 2013). Vidare forklarar Thagaard (2013) at positivismen søker å finne fenomen og å forklare årsaka ved å teste teori mot empiri (verkelegheita).

Creswell (2012) beskriv litteraturstudie som «... a written summary of journal articles, books, and other documents that describes the past and the current state of information on the topic of your research study”(Creswell, 2012, s. 80). Mi vitenskaplege tilnærming har vore hermeneutisk då eg har gjort skriftlege oppsummeringar og fortolkingar av allereie eksisterande litteratur, der eg har undersøkt uttrykte meiningar, forståingar og tematiseringar om barn si deltaking i barnevernet. Hermeneutikk handlar kort sagt om læra om fortolking og forståing av tekstar, der det i samfunnsvitenskapen er vanleg å nytte munnlege ytringar eller tekstar i arbeidet for å forstå meiningsfulle fenomen (Gilje & Grimen, 1993). Det faktumet at litteraturomfanget som mi studie bygger på er framsett og produsert av andre, gjer til at det føreligg ein *dobbel hermeneutikk*. Dette betyr at ein som samfunnsforskar fortolkar og forstår noko som allereie er fortolkingar, samstundes som fortolkingane må rekonstruerast innanfor forskaren sitt samfunnsvitenskaplege språk, ved bruk av teoretiske omgrep (Gilje & Grimen, 1993). På denne måten ser vi også at eit sosialkonstruktivistisk kunnskapssyn blir aktualisert, då ein hovudsakleg er oppteken av korleis forståing og meiningar er eit sentralt aspekt ved menneskeleg aktivitet (Lock & Strong, 2014). Den sosialkonstruktivistiske tankegangen inneber samstundes at vår eigen bakgrunn og erfaring har verknad på oss i vårt møte med verden, og difor kan den ikkje forståast utan andre forutsetningar (Gilje & Grimen, 1993). Dette treng ikkje vere negativt i samfunnsvitenskaplege samanhengar, men det krev at ein har fokus på refleksjon i løpet av arbeidet. Gilje and Grimen (1993) løftar fram at forforståing er eit nødvendig vilkår for forståing. Det vil sei at fortolking av tekstar også inneber at vi må ha ein ide som utgangspunkt for å kunne vite kva vi skal sjå etter. I denne oppgåva har eg med meg ei forforståing om at barn og unge si deltaking i barnevernet framleis er mangelfullt, særleg gjeld dette dei minste barna.



---

## 5.2 Scoping review som metode

Aveyard (2014) forklarar at ein litteraturstudie er ei omfattande studie med mål om å tolke, vurdere og analysere litteratur som er relevant til eit bestemt emne eller tematikk. Litteraturstudiar er nyttig for å identifisere hol i forskning, samt at den kan bidra til ny og auka kunnskap. Det finnst fleire tilnærmingar med ulik kvalitet, nokon av desse er systematisk review, metastudie og narrativ analyse (Arksey & O'Malley, 2005). I følgje Grant og Booth (2009) så finns det 14 ulike typar litteraturstudiar. Ein av desse er scoping review. Denne studien kjem til å basere seg på scoping review som metode.

Fleire tilnærmingar kan nyttast i ei litteraturstudie, men Aveyard (2014) understrekar viktigheita av å ha ei systematisk tilnærming, slike litteraturstudiar kallast gjerne for *systematic reviews*. Det som kjenneteiknar desse er at dei er detaljrike og prøver å identifisere all tilgjengeleg litteratur på eit tema, samtidig som den beskriv ein klar og heilskapleg metodikk. Kvaliteten ved metoden som er brukt i kvar inkludert studie skal også vurderast i analysen (Aveyard, 2014). Denne tilnærminga er vanleg å nytte i litteraturstudiar av kvalitative studiar der analysen vert omtalt som ein *meta-study*. Dette vil innebere ein «... close examination of not only the data collected in each study, but also of the method by which the study is undertaken and the underlying theoretical framework upon which the study is based» (Aveyard, 2014, s. 142). Min litteraturgjennomgang kan ikkje kategoriserast som ein *systematic review* som beskrive ovanfor, då eg i min analyse ikkje inkluderer ei kvalitetsvurdering av dei utvalde artiklane sin metode og teoretisk rammeverk, men avgrensar meg til ei oppsummering og fortolking av dei tematiske hovudfunna som vert presentert i desse. Aveyard (2014) beskriv dette som ein *thematic approach*. Det betyr ikkje at det ikkje har vore gjort vurderingar og avvegingar i forhold til klare inklusjons- og eksklusjonskriteriar for å kunne vurdere om studiane er gode og relevante for mi problemstilling.

«*Scoping studier*» også kalla ein review er ein type litteraturstudie som har ein meir undersøkjande karakter som søkjestrategi. Omgrepet «*scoping review*» kan også forståast som ein forundersøking knytt til eit større forskingsprosjekt. Søkjestrategien nyttast for å identifisere og kartlegge det som er mogleg å oppdage av forskning på temaet, samt utforme forskingsspørsmål og utarbeide hypotesar. Arksey og O'Malley (2005) forklarar at hensikta med slike kunnskapsoppsummerande undersøkingar er å gi ei brei oversikt av relevant kunnskap innan eit definert interesse- og forskingsområde.

Det er også omtalt at *scoping reviews* referera til kartlegging, ein prosess for å oppsummere ei rekke bevis for å kunne foreta og formidle bredde av eit felt. I desse typar studiar nyttar ein meir tid til å identifisere hovudtema i empirisk forskning (Levac, Colquhoun, & O'Brien, 2010). Ei systematisk litteraturstudie, også kalla «*systematic review*» er i utgangspunktet ei omfattande studie med mål å tolke, vurdere og analysere litteratur som er knytt til eit bestemt emne eller tematikk (Aveyard, 2014). I motsetning til systematisk litteraturgjennomgang har *scoping review* eit mindre omfang. I følgje Arksey og O'Malley (2005) så ligg hovudforskjellen mellom desse to typane litteraturstudiar i den tematiske tilnærminga, metodetilnærminga og kvalitetskrav på dei inkluderte studiane.

I følgje fleire forfattarar (Aveyard, 2014; Peters et al., 2015) kan *scoping reviews* også gjennomførast systematisk. *Scoping review* som metode har dei siste åra blitt meir framtrekande og anerkjent innan forskning. Forskingsoppsummeringar har også fått ein auka etterspørsel og merksemd (Levac et al., 2010; Peters et al., 2015).

Ein universell definisjon på *scoping review* er fråverande, men nokre få og ulike definisjonar eksisterer likevel (Arksey & O'Malley, 2005; Levac et al., 2010). Arksey og O'Malley (2005) har identifisert fire grunnar for kvifor ein *scoping review* blir brukt som metode; (1) har som formål å undersøke omfanget og arten av forskingsaktivitet, (2) avgjer verdiane av å gjennomføre ein fullstendig systematisk review, (3) gi ei oppsummering og formidle forskingsresultat eller (4) å identifisere manglar i eksisterande litteratur. Utgangspunktet for dette prosjektet vil vere den tredje vinklinga, å gi ei oppsummering og formidle forskingsresultat. Ut i frå denne forståinga kan ein nytte denne definisjonen på *scoping review* «Aim to map rapidly the key concepts underpinning a research area and the main sources and types of evidence available» (Mays, Roberts & Popay, sitert i Arksey & O'Malley, 2005, s. 21). Målet med denne masteroppgåva er i hovudsak å utforske kva som er rapportert i dei ulike studiane, samt gi beskrivande nøkkelinformasjon frå dei inkluderte artiklane ved hjelp av Arksey og O'Malley (2005) sitt metodiske rammeverk og Tricco et al. (2018) si sjekklister for *scoping reviews*.

**Boks 1:** *Metodisk rammeverk for ein scoping review (Arksey & O'Malley, 2005).*

Trinn 1	Identifisere forskingsspørsmålet og avgjere kva aspekt ved forskingsspørsmålet som er spesielt vesentleg for hensiktsmessig litteratursøk.
Trinn 2	Identifisere relevante studiar som kan belyse dei sentrale forskingsspørsmåla.
Trinn 3	Val av aktuelle studiar som involverer <i>post hoc</i> inklusjons- og eksklusjonskriteriar. Desse kriteriane er avhengig av forskingsspørsmålet sine spesifikasjonar. Ein kan starte med meir fleksible kriteriar for inkludering og ekskludering av studiar og etter kvart som mengda av data har vorte undersøkt og forståinga aukast, kan søkjeord og kriteriar redefinerast.
Trinn 4	Kartlegging av data er ganske lik datainnsamlingsprosessar som vert gjennomført i systematiske kvalitative analyser. Likevel er tilnærminga brei. Ein nyttar ein narrativ studie eller ein beskrivande analytisk metode for å trekkje ut kontekstuell- og prosessorientert informasjon frå kvar studie.
Trinn 5	Sortere, samanfatte og formidle resultat.
Trinn 6	Gi vidare anbefalingar/konklusjonar (valfritt).

## 5.3 Datainnsamling

### 5.3.1 Identifisering av nøkkelomgrep og implementering av søkestrategi

Avgreningsprosess vert sett på som særleg viktig i ein scoping review (Arksey & O'Malley, 2005). Det er vesentleg å finne fram til dei mest konkrete emneorda til søkjeprosessen kan starte. I scoping studier er det først og fremst utarbeiding av eit breidt forskingsspørsmål som er sentralt i startfasen. Då forskingsspørsmåla kan bli ganske vide, er det særleg viktig å avklare konsept, utvalet, og utfall av interesse for å tydeleggjere fokuset til scoping studien. Det er også viktig å etablere ein effektiv søkestrategi då det igjen kan medføre konsekvensar for vidare arbeid (Peters et al., 2015).

Når ein skal utvikle ei systematisk tilnærming i litteratursøk handlar det om å lage ein strategi som inneheld to steg. Det første er å planlegge strategien, for såleis å implementere denne strategien inn i arbeidsprosessen. Planleggingsfasen omhandlar å tenkje gjennom alle moglege omgrep og nøkkelord som kan dekkje alle aspekt ved forskingsspørsmålet, og som er essensielle for å kunne få eit omfattande litteraturomfang (Aveyard, 2014). Denne strategien finn vi også i Creswell (2012) sin fem-stegsprosedyre for gjennomføring av litteraturstudiar, der det første steget er å identifisere nøkkelomgrep i søken etter relevant litteratur. Dette har vore avgjerande i min søkjestrategi. For å få til gode søk anbefaler Creswell (2012) å innskrenke temaet til eit par omgrep ved å bruke eit eller to ord, eller korte setningar. Det er avgjerande at dei utvalde nøkkelorda «fangar» den sentrale ideen for studien (Creswell, 2012), temaet eller forskingsspørsmålet for litteraturgjennomgangen (Aveyard, 2014). Ved å ta utgangspunkt i mi hovudproblemstilling har eg identifisert to sentrale omgrep; *barnevern og barn si deltaking*. Då eg har valt å inkludere engelskspråkleg litteratur blei omgrepa oversett til *child protection og child participation*. Kvar av desse omgrepa vart brukt som eige søkjefilter, der omgrep som kan nyttast synonymt med desse eller har nærståande betydning til omgrepet vart inkludert. I følge Aveyard (2014) er bruk av ulike synonym viktig i denne prosessen, då like tema eller spørsmål kan bli kategorisert ulikt av ulike forfattarar.

**Boks 2:** *Liste over nøkkelord som vart brukt til å identifisere relevante studiar.*

(1) Barnevern	“child welfare”, “child protection”, “protection services”, “child-welfare”.
(2) Barn si deltaking	“child perspective”, “children’s rights”, “child participation”, “child’s perspective”, “children’s perspectives”, “child’s voice”, “children’s views”, “conversations with children”, “right to be heard”.

### 5.3.2 Databasar og lokalisering av litteratur

I studien kjem mitt empiriske datamateriale frå databasane *Web Of Science*, *PsycINFO* og *Idunn*. Desse er fagdatabasar som inneheld fleirfaglege vitenskapleg litteratur og artiklar. Det er viktig å understreke at desse også vart valt då dei er innan fagområda *barnevern*, *psykologi*, *samfunnsvitskap*, *sosiologi* og *sosialt arbeid*.

*Web of Science* består av databasene; *Web Of Science Core Collection*, *BIOSIS Previews*, *Inspec*, *MEDLINE*, *SciELO Citation Index* og *Zoological Record*. Med tanke på relevans for temaet og oppgåva sitt omfang har eg valt å avgrense søket i denne databasen til *Web Of Science Core Collection*, som inneheld *Social Citation Index Expanded*, *Social Sciences Citation Index* og *Arts & Humanities Citation Index*. Søk i *PsycINFO* og *Idunn* vart gjennomført i databasen sin heilheit. Litteratur ut over dette, hovudsakleg teoretiske verk, er funne via *BiBSys*. Dette er ein bibliotekbase som gir oversikt over bøker, tidsskrift, musikk, videoar, samt andre publikasjonar ved norske fagbibliotek.

Søkestrategien bestod av to søkefilter som utgjer kjernen i forskingsspørsmålet: «child protection» og «child participation» (sjå boks 2). Trunkering og boolske operatorar vart brukt for å avgrense og konkretisere søka (Aveyard, 2014). Den boolske operatoren "OR" blei brukt i kvart søkefilter for å ekspandere søket, på denne måten vil ein få med ulike formuleringar og synonym for omgrepa. For å sikre eit så presist treff som mogleg, og som inneheld alle sentrale element knytt til forskingsspørsmålet, så blei operatoren "AND" bindeleddet mellom dei to søkefiltera for å konkretisere søketreffa.

Det blei gjennomført fleire rundar med test-søk for å konkretisere søkeomgrep, samt for å sikre høgst mogleg kvalitet ved implementering av søkestrategien. Då aktuelle søkeord vart identifisert så blei kvart omgrep testa aleine, deretter isolert i kombinasjon med dei to andre kategoriane for å kunne eliminere omgrep som hadde liten eller ingen relevans for problemstillinga. Dette førte til at ti omgrep som gav ingen eller irrelevante treff blei ekskludert. Tidleg i søkeprosessen vart det tydeleg at dei fleste vitenskaplege artiklane om oppgåva sitt tema er internasjonale, difor vil oppgåva verte litt avgrensa og hovudsakleg knytt til engelsk litteratur. I ein scoping review vert ofte forskingsspørsmålet tydelegare etter kvart som ein gjennomfører søk i databasar fordi kriteriane blir avklart basert på auka kunnskap til litteraturen (post hoc) (Arksey & O'Malley, 2005). Dette var og tilfellet i dette

prosjektet der både tema, forskingsspørsmål, inklusjons- og eksklusjonskriterier forma seg i samsvar med tileigning av kunnskap.

**Boks 3: Inklusjon- og eksklusjonskriteriar for val av studiar som inngår i analysen**

KATEGORI	INKLUDERT	EKSKLUDERT
<b>DATABASAR</b>	Web of Science  PsycINFO  Idunn	Alle andre databasar
<b>ÅRSTALL</b>	2005-2020	Artiklar publisert før år 2005
<b>PUBLIKASJONSTYPE</b>	Vitskaplege fagfelleverderte artiklar	Alle andre ikkje-fagfelleverderte artiklar, inkludert rapportar, grå litteratur m.m.
<b>FOKUS</b>	Studiar som fokuserer på barn og unge i alderen 0-23 år, si deltaking i barnevernet.	
<b>SPRÅK</b>	Engelsk og norsk	Alle andre språk

## 5.4 Utval – inkluderte studiar og analytisk tilnærming

### 5.4.1 Inkluderte artiklar

I tabell 2 (sjå vedlegg) vert det presentert ei skjematisk oversikt over mitt totale datamateriale. I utveljinga av artiklar er det fleire kriterier som har vore viktig for å danne eit datamateriale som er eigna for å belyse mi problemstilling. For det første så måtte artiklane ha eit fokus på barn og unge si deltaking i barnevernet. Studiar som berre omhandla barn si deltaking i rettssystem eller barn sin talsperson i rettssystemet vart ekskludert. Artiklar som omhandla tilsette i barnevernet sitt syn på barn og deltaking, samt artiklar som omhandlar

---

barn og unge si erfaring og oppleving av deltaking, vart naturleg å inkludere for å få fram styrkar og utfordringar med barn si deltaking sett frå deira perspektiv.

#### 5.4.2 Analytisk rammeverk

Med bakgrunn i Arksey og O'Malley (2005) sitt metodiske rammeverk for scoping reviews så består analysen av å (5) sortere, oppsummere og rapportere resultat. Det er i første del foreslått å nytte ein deskriptiv analytisk metode slik som for eksempel å anvende ein teori eller ein modell på ein meningsfull måte. I følgje Levac et al. (2010) er ein slik framgangsmåte verdifull, men krevjande. Dei påpeiker at meir klarheit i det metodiske rammeverket vil kunne bidra til å navigere dette kritiske, men viktige steget. Vidare foreslår dei bruk av kvalitativ innholdsanalyse som eit tillegg. Det blir også løfta fram at det krevjast meir debatt rundt ein slik framgangsmåte.

Ifølgje Arksey og O'Malley (2005) bør den siste delen av analysen, å oppsummere og rapportere data, bestå av ein deskriptiv numerisk oppsummering, inkludert data og tematisk analyse. Levac et al. (2010) meiner at dette steget manglar ei beskriving til gjennomføring, og foreslår med det ei tilnærming i tre delar som kan bidra til at forskaren sin scoping review vert meir konsekvent: analysere data, rapportere resultat og gi mening til resultatata. Analysen i denne studien vil i hovudsak baserast på Levac et al. (2010) sitt forslag og såleis (1) analysere data (inkludert deskriptiv numerisk analyse), (2) rapportere funn og produsere utfall som referer til studien sitt formål og forskingsspørsmål, og (3) vurdere meninga av funn og diskutere implikasjonar for framtidig forskning, praksis og policyar. Artiklane vart lest igjennom grundig fleire gonger før kodinga starta. Datamaterialet vart gjennomgått individuelt med deskriptiv koding, der korte setningar eller omgrep vart skreve ned i margen på teksten. For kvar kode tilhøyrer det ei beskriving. I tillegg vart det i analyseprosessen skreve eit eige notat for kvar artikkel. Deretter vart kodinga gjennomgått på ny i søken etter å etablere og samsvare kategoriar på tvers av studiar.

I samsvar med ein hermeneutisk forståing har analysen basert seg på både ein induktiv og deduktiv tilnærming; induktiv ved at kategoriane oppstår frå datamaterialet, og deduktiv med bakgrunn i at perspektivet på barn og deltaking i barnevernet har satt rammer for plassering av kategoriane som oppstod.

## 5.5 Truverdigheit i kvalitativ forskning

Kriteria og standar for kvalitativ forskning har eksistert i lengre tid (Malterud, 2001; Tracy, 2010) og bygger ofte på Guba (1981) sine prinsipp om kredibilitet, overførbarheit, pålitelighet og bekreftbarheit. I følgje Merriam (1998) syner *kredibilitet* til den interne validiteten, og omhandlar i kva grad funna samsvarar med verkelegheita. Det sosialkonstruktivistiske kunnskapssyn hevdar at slike slutningar ikkje kan takast då verkelegheita ikkje er absolutt. Difor vil det vere aktuelt å vurdere om resultatata frå studien er truverdige. 16 empiriske artiklar om temaet barn si deltaking i barnevernet utgjorde datamaterialet i denne studien. Datamaterialet gav eit godt utgangspunkt for å kunne svare på mitt forskingsspørsmål. Eg har forsøkt å styrke truverdigheita ved å gi ein transparent samanfatning av like og ulike funn på tvers av studiar, gi beskrivande eksempel for kvar studie, samt vere tydeleg på kva som er mine personlege tolkingar (Shenton, 2004).

Overførbarheit synar til ekstern validitet som beskjeftiger seg med studien si rekkevidde og begrensingar; til kva grad funn frå ein studie kan overførast i ein anna situasjon (Guba, 1981; Malterud, 2001). Dette prosjektet består av både kvalitative, kvantitative og mixed-method studiar. Desse kan vere med å utfylle kvarande, og er ein form for metodisk triangulering, som også kan bidra til å styrke studien si interne validitet (Malterud, 2001; Neuman, 2014). Det vil likevel vere usikkert i kva grad funna vil vere representative for den skandinaviske konteksten. Likeså kan det seiast at det er ein styrke at studiane som er inkludert i dette prosjektet er frå ulike land, samt at mange av funna er like på tvers av landegrensar. Resultatet kan ha overføringsverdi for tilsette i barnevernstenesta og andre som jobbar i andre delar av kommunalt eller statleg barnevern, og korleis ein kan legge til rette for og sikre barn si deltaking i barnevernet, samt vidare forskning knytt til denne målgruppa. Kriteria for *pålitelegheit* syner til reliabilitet, og omhandlar om forskinga er utført på ein tillitsvekkande og påliteleg måte (Thagaard, 2013). Ein måte ein kan styrke reliabiliteten på er dersom forskaren er transparent i heile forskingsprosessen, det vil sei at den rapporterast i detalj (Shenton, 2004). I arbeidet for å oppnå ein «good quality» scoping review (Aveyard, 2014) har eg prøvd å vere detaljorientert i forskingsprosessen og samtidig vise dette gjennom skrivearbeidet.

Bekreftbarheit syner til nøytralitet (objektivitet), altså om innhaldet stemmer. Det inneberer om funna frå studien representerer deltakarane sine erfaringar og idear, og ikkje forskaren sine preferansar og karakteristikkar (Korstjens & Moser, 2018; Shenton, 2004). Igjennom



---

heile forskingsprosessen har eg forsøkt å ha ei reflektiv tilnærming, det vil sei, å vere bevist på eiga forforståing, verdiar og tankar kring eiga forskning (Malterud, 2001; Payne & Payne, 2004). Med fokus på å styrke bekræftbarheita vidare har eg som foreslått av Arksey og O'Malley (2005), hatt auka fokus på å presentere framgangsmåten for studien på ein tydeleg og detaljert måte slik at den kan repliserast av andre.

## 5.6 Forskingsetiske omsyn

Dette prosjektet krev ingen forskningsetisk godkjenning og det er ikkje behov for innhenting av personlege data. Likeså vil etisk vektlegging alltid ha ein viktig plass i kvalitativ forskning. Denne litteraturstudien er gjennomført etter spesifikke forskningsetiske retningslinjer, med det meinast det dei normative forpliktelsane som regulerer samfunnsvitskapleg verksemd. Desse varierer frå forhold knytt til forskaren sjølv, framgangsmåtane som vert brukt, presentering av resultat, samt forhold til forskingsobjekt og datakjelder (Grønmo, 2004). Etikkk startar og sluttar med forskaren sjølv (Neuman, 2014). Difor vil eg i dette prosjektet ha ei bevist tilnærming til alle aspekt ved forskinga. I retningslinjene til De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene står det at forskning er «(...) verdifull, samtidig som den kan skade» (De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene, 2016, s. 11). Det er viktig å påpeike at denne studien har ei positiv vinkling av det som ofte vert kalla for ei av samfunnets mest utsette og sårbare grupper.


Min eigen bakgrunn og forhandskunnskap kan ha verknad på forståinga for temaet samt tolking av data. Difor har eg heile tida prøvd å reflektere kring dette i forsøk på å vere mest mogleg upartisk i arbeidet mitt. Ved bruk av scoping review som metode har eg vore bevist på artikkelen si truverdigheit, med dette meiner eg om det er truverdige kjelder som vert brukt og i tillegg fallgruva sin misrepresentasjon. For å sikre pålitelegheita til kjeldene som utgjer datamaterialet, så har fagfellevurderte artiklar vorte valt. Misrepresentasjon karakteriserer eg som å tolke formulering og innhald i artikkelen korrekt, og kunne gjengi kva forfattarane i dei ulike artiklane formidlar utan å legge til andre meiningar i innhaldet. Ein kan sei at dette er eit viktig etisk aspekt, samt vil det vere avgjerande for kvaliteten på masteroppgåva.

## 6. Resultat

Denne scoping reviewen består av 16 vitenskapelige artiklar som omhandler temaet barnevern og barn si deltaking; i *tabell (1)* er karakteristikkene for kvar artikkel framstilt.

Søkestrategien gav 595 artiklar med potensielt relevante sitatar. I figur 1 viser skjemaet utveljingsprosessen. Når kriteria vart anvendt, oppfylte totalt 16 studiar kriteriane for kvalifisering. Alle dei utvalde artiklane for analyse vart vurdert i detalj.

**Figur 1:** Resultat frå søkeparameter – framstilt i PRISMA (Moher, Liberati, Tetzlaff, Altman, & The, 2009)



---

Det blei gjort systematiske, avanserte søk i databasar som resulterte i totalt 595 vitenskaplege artiklar. Web of Science med 169 artiklar, PsycINFO med 260 artiklar og Idunn med 166 artiklar. Når søka var gjennomførte, blei 84 duplikatar identifisert og fjerna ved hjelp av programmet EndNote, samt kontrollert ved manuell gjennomgang. Å ha eit antal duplikatar indikerer ein konsentrert søkestrategi (Aveyard, 2014). Då var det att 511 publikasjonar. Vidare gjennomførte eg ein screeningprosess som bestod av utveljing av data. Denne prosessen innebar å vurdere tittelen på studiar og deretter abstrakt mot inkluderingskriteriane (Arksey & O'Malley, 2005; Aveyard, 2014). Dersom det var uklart om studien skulle inkludrast ved å lese abstrakte, blei full tekst lasta ned og gjennomgått. Når screeningsprosessen var fullført blei totalt 70 artiklar lasta ned og grundig gjennomgått for å avklare om dei fylte kriteria for inkludering, samt om dei var eigna for å svare på forskingsspørsmålet. *Boks 3* synar ei oversikt over inklusjons- og eksklusjonskriteriane som vart anvendt i studien. Ved slutten av utvelgingsprosessen så sat eg igjen med 16 artiklar som danna det empirisk materialet for denne scoping reviewen.

Dei fleste studiane var kvalitative (N=8), etterfølgt av kvantitative (N=6) og færrest mixed-method studiar (n=2) (Sjå tabell 1).

Som *tabell 1* viser så utgjer kvinner 44,8 % av utvalet i denne scoping reviewen. Alderen på deltakarane var ikkje mogleg å dele inn i grupper då det var stor variasjon på tvers av studiane, samt at ikkje alle studiar gjorde greie for alderen på deltakarane. Totalt i utvalet av deltakarar der alder var gjort greie for, var alderen mellom 4- 23 år (sjå tabell 1). Størrelsen på utvalet varierte også i stor grad, frå 5 deltakarar (Bakke & Holmberg, 2014; Dillon, Greenop, & Hills, 2016) til 688 dokument (Heimer, Näsman, & Palme, 2018).

**Tabell 1:** Generelle karakteristikkar av inkluderte studiar (n= 16)

	N	%
<b>Publikasjonsår</b>		
2005-2010	1	6.25
2011-2015	3	18.75
2016-2020	12	75.00
<b>Publikasjonens opphav</b>		
<b>Amerika</b>		
USA	1	6.25
<b>Europa</b>		
Norge	4	25.00
Sverige	2	12.50
Nederland	4	25.00
Tyskland	1	6.25
UK	2	12.50
<b>Asia</b>		
Israel	1	6.25
<b>Oceania</b>		
Australia	1	6.25
<b>Design</b>		
Kvalitativ	8	50.00
Kvantitativ	6	37.50
Mixed-method	2	12.50
<b>Størrelse på utvalet</b>		
<30	7	43.75
31-60	1	6.25
61-100	2	12.50
101-350	4	25.00
>700	2	12.50
<b>Kjønn</b>		
Kvinne	796	44.8
Mann	119	6.7
Jente (0-23 år)	337	18.9
Gut (0-23 år)	354	19.9
Transperson/annet	1	0.05
Ikkje oppgitt kjønn (voksen)	106	5.9
Ikkje oppgitt kjønn (barn)	62	3.4
<b>Alder på barna</b>		
0-11 år	0	0
12-14 år	4	1.0
15-18 år	19	4.8
19-23 år	6	1.5
Ikkje oppgitt alder	365	92.8
<b>Alder på barn oppgitt som samla gruppe</b>		
1-16 år	40	11
4-9 år	140	38.5
6-17 år	26	7.1
10-17 år	152	41.8
12-17 år	5	1.3

---

Kategoriene som oppstod i det analytiske rammeverket var (a) barnet sin alder og modenheit, (b) Kontaktpersonen sin kompetanse i høve sikring av yngre barn si deltaking, (c) kontaktpersonen sitt syn på barn og deltaking, d) anerkjening av barn sitt perspektiv, e) barn sitt behov for beskyttelse vs deltaking grunna alder og manglande modenheit, f) barn sitt syn og oppleving av deltaking, og g) barn som kompetente aktørar.

### **Barnet sin alder og mordenheit**

Eit gjennomgåande tema i studiane var kontaktpersonen sitt syn på alder og modenheit, samt korleis det har verknad på barn sin moglegheit til deltaking. I Hultman, Höjer og Larsson (2020) sin studie var deltakarane ambivalente i høve spørsmålet om aldersgrensa på barn si deltaking i barnevernet sine rettsprosedyrar skal reduserast. Verken dei som er for eller imot at den skal reduserast har eit svar på kva som er ei passande aldersgrense. Resultata frå studien til Rap, Verkroost og Bruning (2019) og Kriz og Roundtree-Swain (2017) syner at alder er ein avgjerande faktor for om eit barn får moglegheita til deltaking eller ikkje. Barnet sitt nivå av intelligens, barnet sine utfordringar/problem og karakter har verknad på om deltaking er mogleg og stimulert (Rap et al., 2019). Barnet sin alder har verknad på korleis barnet sine synspunkt og meiningar vert vektlagt i prosessar der ei avgjersle skal takast. I praksis blir det nytta strenge aldersgrenser for deltaking. Barn i alderen 12 år og oppover vert inkludert i avgjersleprosessar. Likevel vert det argumentert for at barn under 12 år som er kompetente til å danne/uttrykke eigne meiningar bør bli inkludert i avgjersleprosessar, gitt at nødvendig og passande støtte er tilgjengeleg for effektivt å ta omsyn til barnet si stemme (Rap et al., 2019).

Alder var eit av argumenta i studien til Kratky og Schröder-Abé (2020) der det ikkje var mogleg å få fram barnet sitt synspunkt eller ynskje. Om ei 2 år gammal jente vart det sagt «due to the age of the girl, it was not possible to talk to her appropriately about her parents and her home. Nevertheless, she said ‘my mum is nice and my dad, too.» (Kratky & Schröder-Abé, 2020, s. 172). Samstundes kjem det fram av studien at det var barn i alderen 2-17 år som uttrykte sine synspunkt og ynskjer. Forskjellen i barna sine uttalar omhandla kor detaljert dei uttrykte seg. Eldre barn sine uttalar var meir detaljert og omfattande (Kratky & Schröder-Abé, 2020). Også i van Bijleveld et al. (2014) si studie kjem alder fram som eit hinder for deltaking. Ein av deltakarane i studien sa «When children are below the age of six, and I support many children under that age [participation is not possible]. Below the age of

six, we don't look at what the child wants because children under that age find it difficult to express in words what they want» (van Bijleveld et al., 2014, s. 256).

Nokre av deltakarane i studien til Hultman et al. (2020) hevdar at alder ikkje bør påverke barn si deltaking. Ein deltakar seier «Some children are more sensible/experienced than their age indicates» (Hultman et al., 2020, s. 309). Barnet sin modenheit og kapasitet er ein viktig faktor, samstundes er deltakarane i studien ikkje samde i når eit barn er moden og korleis ein skal /må forholde seg til den problemstillinga (Hultman et al., 2020).

I studien til van Bijleveld, Bunders-Aelen og Dedding (2020) er alder også eit gjentakande tema blant deltakarane. Fleire av deltakarane hadde utfordringar med å inkludere dei yngste barna då ein av kriteriane for deltaking var å kunne uttrykke seg munnleg. Ein av deltakarane sa «Children have to be able to indicate what they want. Yes, for me, that really is dependent on the age of the child» (van Bijleveld et al., 2020, s. 289). Også i studien til Kosher and Ben-Arieh (2020) rapporterer nokre sosialarbeidarar at alder er ei utfordring for deltaking, då nokre barn er for unge til å delta i møter som omhandlar dei. 42,1% av deltakarane i studien svarte at ein gyldig grunn for å ekskludere barn i høve deltaking i barnevernet sine prosessar, er at barnet er for ungt (Kosher & Ben-Arieh, 2020).

Funn frå Cossar, Brandon og Jordan (2016) sin studie syner at eldre barn i større grad fekk moglegheita til å møte/ samtale med kontaktperson åleine. Yngre barn sine uttalar kan bli sett på som mindre korrekt enn eldre barn (Woodman, Roche, McArthur, & Moore, 2018). Studien til Heimer et al. (2018) har fylgt 40 barn over ei lengre tidsperiode. Funn frå studien indikerer at barn sin auke i alder ikkje automatisk har ført til auka deltaking.

For å oppnå god og reell deltaking er det ein føresetnad at barnet eller ungdommen har ei forståing av barnevernet sitt arbeid og prosessar knytt til dette. Cossar et al. (2016) sin studie syner at det er samanheng mellom barn sin alder og kva forståing og kunnskap ein har i høve barnevernet sine prosessar og arbeid. Barn under 10 år hadde minimal til delvis kunnskap om barnevernet sitt arbeid og prosessar. Dei som hadde delvis til klar forståing var barn i alderen 11-17 år. Funn frå studien syner også at av dei 18 barna/ungdommane som hadde kjennskap til barnevernet sine rapportar og vurderingar, fortel 6 av barna at dei såg alt eller delar av desse dokumenta, medan 12 formidla at dei ikkje hadde sett slike dokument. Alle barna/ ungdommane som sa at dei hadde fått innsyn i dokument var i alderen 12-17 år. Sjølv

---

om yngre barn fortel at dei ikkje har sett dokument, seier dei likevel at dei hadde kjennskap til at dokumenta eksisterte (Cossar et al., 2016).

I Middel, Post, López López og Grietens (2020) sin gjennomgang av saksmappene fant dei at eldre barn i større grad enn yngre barn fekk informasjon om utfallet av avgjersle prosessane. Individuelle møte med kontaktperson var også i større grad rapportert i mappene til eldre barn. Funn syner at tenåringar deltok meir samanlikna med yngre barn. Det vart også identifisert meir deltaking hjå jenter enn gutar (Middel et al., 2020).

### **Kontaktpersonen sin kompetanse i høve sikring av yngre barn si deltaking**

Fleire av barna funderte mykje over korleis dei kunne ha medverka til at familien blei oppløyst (Bakke & Holmberg, 2014). I studien til Bakke og Holmberg (2014) vart tre jenter og to gutar i alderen 12 til 16 år intervjuet om deira erfaring med å delta i barnevernet sitt arbeid. Sofie (15 år) var 7 år då barnevernet flytta ho frå mor til mormor. Sofie formidlar i intervjuet at grunna dei vaksne sin bruk av så mange vanskelege ord så forstod ho ikkje kvifor ho ikkje kunne bu hjå mor lengre, eller kor lenge separasjonen skulle vare. Sofie formidla at *«jeg er veldig usikker på hva som egentlig ble sagt. Var tross alt ganske liten. Og barnevernsfolka er flinke til å bruke vanskelige ord...Som jeg ikke kan huske så veldig mye av. Men jeg husker bare at alle sammen sa at mamma var syk. Det var det eneste. Mamma var syk! Og at jeg skulle få lov til å dra hjem til henne snart... Jeg trodde at nå skulle jeg dra og besøke bestemor litt. Det skulle bli koselig... Og så skulle jeg ikke gå til mamma så fort. Så skulle jeg dra om et år. Og så være der et år til. Og et år til. Og så skulle jeg ikke tilbake»* (Bakke & Holmberg, 2014, s. 13). Fleire av barna kan ikkje hugse å ha fått informasjon om kvifor dei måtte flytte. Berre Nora (12 år) som var 2 år då ho flytta i fosterheim, har fått ein forklaring som ho ser ut til å akseptere; *«Mamma er narkoman. Derfor er jeg fosterunge»* (Bakke & Holmberg, 2014, s. 13). I studien er det tydeleg at måten barnevernet snakka med barna om problema på, og begrunningane dei gav barna for kvifor dei skulle flytte, bidrog til å forsterke barna si oppleving av skuld. Den manglande kvaliteten i samtalan hindra at barna følte seg trygge, likeverdige og som reelle deltakarar i prosessen (Bakke & Holmberg, 2014). Kontaktpersonen sine utfordringar i høve kommunikasjon med barn vert også rapportert som eit hinder for deltaking i Kosher og Ben-Arieh (2020) og Vis et al. (2010) sin studie.

Fleire studiar syner til at det er viktig at kontaktpersonen har tid til barnet/ungdommen, samt at relasjon er eit godt fundament for deltaking (Cossar et al., 2016; Dillon et al., 2016; Paulsen, Aune, Melting, Stormyr, & Berg, 2017; van Bijleveld et al., 2014; Vis et al., 2010). Ungdommane i Paulsen et al. (2017) sin studie er også opptatt av at kontaktpersonen må ha nokon kvalitetar ved seg for å skape tillit og relasjon til dei. Slike kvalitetar er blant anna at kontaktpersonen møter ungdommen med forståing, ser han som eit individ, og ikkje som ei «barnevernssak».

Studien til Rap et al. (2019) tar føre seg barn si deltaking i prosessar knytt til avgjersle i Nederland. Gjennom nesten heile den juridiske prosessen er aldersgrensa for når barn er involvert i prosessar knytt til avgjersle 12 år, noko som betyr at barn under den alder har knappare moglegheiter for å delta. Resultata i studien til Rap et al. (2019) syner at det er fleire praktiske utfordringar med å sikre barn si deltaking. Det er mangelfull forståing blant dei tilsette i høve korleis, om og når barn skal få informasjon og bli involvert, samt korleis ein skal gi aldersadekvat informasjon og rettleiing for å sikre meningsfull deltaking. Mange av dei same utfordringane vart identifisert i van Bijleveld et al. (2020) sin studie. Kontaktpersonen var usikker på eigen kompetanse for å sikre barn si deltaking, frykt for urealistiske ynskjer/spørsmål frå barna og avgrensingar som fylgje av deira rolle til å beskytte barn. Funn i studien syner at sjølv om barn ofte vert sett på som mindre kompetente munnleg, vart det likevel ikkje fokusert på barn sine nonverbale uttrykk, eller på behovet barn kan ha for å uttrykkje sine kjensler, ynskjer eller bekymringar på ulike nonverbale måtar. Ei utfordring er å finne måtar som dei yngste barna kan nytte for å gjere dette. Ein deltakar i studien sa likevel at «it is of course the challenge, that if you talk with children, it is important to know the age: how old is the child, what is the family situation and what will I use as instrument to start the conversation. That asks for certain skills for ourselves to know, I am capable to do this, I have enough skills and tools to start that conversation» (van Bijleveld et al., 2020, s. 289). Andre deltakarar formidla at for dei var det viktigare å høyre og informere barnet enn å inkluderer barnet i sjølve avgjersla. Samstundes var det viktig at barn vart ivaretatt, eksempelvis «Besides whether they have a right to decide or not, no matter what the situation or the age, they should have the feeling that they are taken seriously and that they are really listened to» (van Bijleveld et al., 2020, s. 289).

97% av deltakarane i studien til Woodman et al. (2018) rapporterte at dei ville ha snakka med barnet på 5 år frå casen dei fekk tildelt. Faktorar som styrka kontaktpersonar sin



---

sjølvtilitt i høve å snakke med barn var; arbeidserfaring, erfaring, verktøy og trening i høve samhandling med barn, barnet sin alder, synet på barn og barn si deltaking, barnet sin modenheit og evne til å uttrykke seg, samt kontaktpersonen sitt syn på eigen jobb og rolle. Den faktoren som i størst grad svekka kontaktpersonen sin sjølvtilitt var barnet sin alder, i frykt for at barnet ikkje evna å gi korrekt og detaljert informasjon (Woodman et al., 2018).

Middel et al. (2020) klarte ikkje å identifisere om barn fekk informasjon om deira rett til ein oppvekst utan vald, deira rett til deltaking, prosessar i høve deltaking eller korleis deira synspunkt og meiningar ville bli vektlagt i prosessar for å fatte ei avgjersle. Samstundes var det nokon av saksmappene som identifiserte at barn (11-12%) fekk informasjon om innhaldet i rapportar eller informasjon om undersøkinga. Den vanlegaste informasjon barn fekk hadde samanheng med avgjersler som allereie var tekne (Middel et al., 2020). Den mest etablerte måten å sikre barn si deltaking på, er å sjå og høyre barnet. Resultat frå studien til Middel et al. (2020) syner at 39% av barna blir sett av barnevernet, medan 32% også blir høyrte angående aspekt som er relevante for barnevernet si undersøking. I følgje saksmappene er det berre 15% av barna som har individuelle møter med kontaktpersonen. Med fokus på involvering av barn så er det berre 12% av saksmappene som inneheld dokumentasjon om barn sine synspunkt og korleis desse er høyrte.

### **Kontaktpersonen sitt syn på barn og deltaking**

Synet på barn har verknad på om barn får moglegheit til deltaking. Ein gjentakande barriere hjå kontaktpersonen når dei skulle legge til rette for barn si deltaking, var deira syn på barn som sårbare individ (van Bijleveld et al., 2020). Ein av deltakarane i studien sa «It is always the consideration you have to make: you always want to involve children, but you don't want to burden them with adult problems» (van Bijleveld et al., 2020, s. 289). I studien til Križ og Roundtree-Swain (2017) kjem det også fram at kontaktpersonen sitt syn på barn og deltaking har verknad på kva moglegheiter barnet/ungdommen får i høve deltaking. Funn frå studien til Vis et al. (2010) underbygger at kontaktpersonen sine haldningar til barn si deltaking kan potensielt verre eit hinder for deltaking.

Resultata i Kosher og Ben-Arieh (2020) sin studie indikerer at sosialarbeidarar støttar lav og medium grad av deltaking meir enn dei støttar høg grad av deltaking. Mange fleire sosialarbeidarar støtta barn sin rett til å uttale deira meiningar i møter som omhandla deira

situasjon, men dei uttrykte mindre støtte til barn sin rett til å ha meiningar og ynskjer inkludert og vektlagt i avgjersle prosessar (Kosher & Ben-Arieh, 2020).

Definisjon på deltaking kan vere uklar og for nokon vanskeleg å uttrykke. For deltakarane i studien til van Bijleveld et al. (2014) var det forskjellar på kva deltaking omhandlar. Nokre av deltakarane uttrykte at deltaking i liten grad handla om å involvere barnet, men heller omhandla å tenkje på barnet og kva barnet er i behov av, samt informere barnet om prosessar og kva dei vaksne jobbar med/for.

Kontaktpersonen sin alder viser seg å ha samanheng med kontaktpersonen sitt syn på barn si deltaking. Funn frå studien til Vis og Fossum (2015) syner at eldre kontaktpersonar har større sannsyn for å vere einige i uttalar som støttar opp under at barn ikkje skal engasjerast i prosessar knytt til avgjersler. Studien syner også at sosialarbeidarar i første og andre linjetenesta i barnevernet har ulike syn på barn sin deltaking. Sosialarbeidarar i andre linje tenesta ser på barn si deltaking som meir utfordrande (Vis & Fossum, 2015).

### **Annerkjenning/ vektlegging av barn sitt perspektiv**

I studien til van Bijleveld et al. (2014) fekk deltakarane spørsmål i høve definisjon på deltaking og kva deltaking inneber. Ingen av deltakarane nemnte nødvendigheita av å innhente barnet sitt perspektiv på avgjersler som skulle takast. Ved gjennomgang av saksmappene i Middell et al. (2020) sin studie antyder resultata at kontaktpersonen var mindre villige til å inkludere barnet sine synspunkt i prosessar der avgjersler skulle takast.

Deltakarane i studien til Woodman et al. (2018) fekk spørsmål i høve korleis dei vil vektlegge barnet sine perspektiv i deira avgjersle. 51,2% svarte «quite a bit of weight» og 34,5% svarte «a lot of weight». Dei fleste argumenterte for at dei hadde ein barnesentrert praksis, og då denne praksisen verdsett barn sine synspunkt, så inneber det at dei vil gi vekt til det barnet seier/meiner (Woodman et al., 2018). Likevel var det fleire av deltakarane som formidla at barnet sin alder har verknad på korleis dei ville ha vektlagt barnet sine meiningar. Det vart også identifisert to hovudfaktorar som reduserer vektlegging av barnet sine synspunkt. Den første omhandlar moglegheita for at foreldre har instruert eller rettleia barnet i høve kva ein skal formidle. Den siste omhandlar kor mykje anna informasjon/bevis barnevernet har, samt om denne gir grunnlag for at ein ikkje kan handle ut frå barnet sine ynskjer (Woodman et al., 2018).

---

Det kan vere utforande for kontaktpersonar å vite om barn fortel «det som er sant», i den forstand at det barnet seier reflekterer deira ekte kjensler (Vis et al., 2010). Vis et al. (2010) framhevar dette som eit hinder for barnet si deltaking.

### **Barn sitt behov for beskyttelse vs deltaking grunna alder og manglande modenheit**

Barn sitt behov for beskyttelse blir i fleire studiar sett på som eit hinder for deltaking. I van Bijleveld et al. (2020) sin studie kjem det fram at deltakarane var tydelege på at barn har rett til deltaking, samstundes var dei endå tydlegare på at barn var i behov av beskyttelse, og det er først og fremst deira oppgåve å skape eit trygt miljø for barnet (van Bijleveld et al., 2020). I Hultman et al. (2020) sin studie så hevdar fleire av deltakarane at barn er i behov av beskyttelse då dei manglar kompetanse eller nødvendig modenheit for å fullt ut kunne delta i barnevernet sine rettsprosedyrar. Det blir nemnt at barn treng beskyttelse frå rettssystemet då dette ikkje blir sett på som barnevennleg. Ein annan risiko ved å la barn delta, er lojalitetskonflikten som kan oppstå når barnet står ovanfor dilemmaet mellom eigne ynskjer og foreldra sine ynskjer. Barnet sin modenheit kan ha verknad på korleis barnet handterer eit slikt dilemma. Ein av deltakarane sa «Children need to have achieved a certain level of maturity in order to have their own opinion on the issue. With younger children, there is a high risk that they do not dare to say anything other than that they want to stay with their parents» (Hultman et al., 2020, s. 308). Rap et al. (2019) understreker at foreldre ofte hindrar eller har verknad på barnet sin grad av deltaking. I høve diskusjon om barn si deltaking i rettssystemet så formidlar nokon av deltakarane i studien at rettssystemet ikkje er barnevennleg og difor vert barn si deltaking utfordrande. Det vert foreslått at barn si deltaking såleis bør sikrast ved bruk av talsperson for barn i rettsprosessar (Hultman et al., 2020).

I kontrast til dei deltakarane som hevdar at barn er for sårbare, samt barn sitt behov for beskyttelse, så er det nokre deltakarar som syner til at barnet har individuelle rettar til deltaking og at desse ikkje bør krenkast. Barn sine rettar er nedfelt i lovverk og forskrifter, for eksempel sa ein deltakar «Because the child's right to influence and to express opinions and to be listened to are crucial principles of the Children's Convention» (Hultman et al., 2020, s. 308). Dersom barnet ikkje deltar kan dette føre til at barnet opplever ei fråkobling frå situasjonen som barnet står i (Hultman et al., 2020).

Beskyttelse versus deltaking er ei problemstilling som Kosher og Ben-Arieh (2020) sin studie løfter fram. Funn frå studien indikerer at når barn sitt velvære og tryggleik er trua, har sosialarbeidaren ein tendens til å redusere deira støtte til barn si deltaking. Dette tyder på at sosialarbeidaren ser deltaking og beskyttelse som to prinsipp som ikkje kan vere i fokus samtidig, og den eine må vike på bekostning av den andre. Funn frå studien til van Bijleveld et al. (2014) samsvarar med funn i studien til Kosher og Ben-Arieh (2020). Det kjem fram at i situasjonar der barnet sin sikkerheit må beskyttast, blir deltaking og involvering av barnet i prosessar sett på som mindre viktig (van Bijleveld et al., 2014). Også studien til Vis et al. (2010) syner at behov for beskyttelse kunne vere eit hinder for deltaking, og at det var styrande for om barn fekk moglegheit til deltaking. Ein av hindera for deltaking som vart identifisert i studien til Vis et al. (2010) er frykten for den potensielle byrden som barnet får ved deltaking.

Tydelege funn frå Heimer et al. (2018) sin studie syner at når barn ikkje vert gjeve ei stemme, eller moglegheita til å påverke utarbeidinga av problemstillinga som barnevernet skal jobbe etter, fører dette til dårlegare samsvar mellom problemet og hjelpa ein mottek. Dersom barnet blir høyrte og får delta i utforminga av problemstillinga, er det større moglegheit for at familien får den hjelpa som er nødvendig (Heimer et al., 2018).

### **Barn sitt syn/ oppleving av deltaking**

I studien til Bakke og Holmberg (2014) hadde dei fleste barna lite eller ingen kontakt med barnevernet før dei flytta i fosterheim. Samtidig så syner det eine barnet si forteljing at det ikkje berre handlar om å ha kontakt med ein kontaktperson. Det er først og fremst spørsmål om kvaliteten på denne kontakten. Sjølv om dette barnet hadde hatt kontakt med sin kontaktperson i fleire år, opplevde han på same måte som dei andre barna at flyttinga «berre skjedde» og at han hadde liten moglegheit til medverknad. Fleire av barna i studien gav uttrykk for at barnevernet sitt fokus var først og fremst på foreldra sine behov. Ingen sa at omsorgsovertakinga skjedde av omsyn til dei sjølve (Bakke & Holmberg, 2014). Studiane til Križ og Roundtree-Swain (2017) og van Bijleveld et al. (2014) støttar opp under dette, då fleire av deira deltakarar hadde ei oppleving av at barnevernet ikkje snakka med dei, lytta til dei eller inkluderte dei før større avgjerslar vart tatt. Ein av deltakarane i studien til Križ og Roundtree-Swain (2017) var Evan 19 år (15 år då han flytta i fosterheim). Studien syner manglande informasjon, inkludering og val når ei avgjersle vart fatta. Even formidlar «it was scary. I was younger...Not too young, but young enough to not know what's going on. CPS

---

came in one night and told me I had to pack up all my things into a black trash bag and leave the house.” (Križ & Roundtree-Swain, 2017, s. 36).

Ein ungdom i studien til Dillon et al. (2016) opplevde at familien sine utfordringar allereie hadde blitt kategorisert av kontaktpersonen, «they don't ask [me] to identify the problems» (Dillon et al., 2016, s. 77). Ungdommen har eit ynskje om å delta og opplever å vere gammal nok til å forstå utfordringar som har verknad på familien i sin heilheit, og ikkje berre utfordringar med kun personleg verknad. Ungdommen formidlar «I only get to go for, like...whilst they talk about me and then I have to go. I get told to go and not stay to hear the other problems. They expect us to sort [the house] out but they only tell mum and dad. But we need to know so we can help them sort it out!» (Dillon et al., 2016, s. 77). Kontaktpersonen hindrar ungdommen si deltaking ved å ha gjort ei vurdering på førrehand av ungdommen si evne til å ta gode val angående forhold som angår han (Dillon et al., 2016).

Blant nokre av ungdommane som deltok i studien til van Bijleveld et al. (2014) vart det formidla at sjølv om deira syn/meining vart spurt etter av kontaktpersonen, opplevde dei ikkje deltaking. Ungdommane opplevde ikkje at dei vart høyrte av kontaktpersonen. Ungdommane hadde ei oppleving av at kontaktpersonen eigentleg ikkje ynskde å høyre ungdommen sine synspunkt, eller såg verdien i desse.

Fleire av deltakarane i Križ og Roundtree-Swain (2017) sin studie uttrykker at barn og ungdom bør få delta i prosessar som omhandlar dei. Eksempelvis uttrykker deltakarane: «I [...] feel that each child knows what's going on, and everyone deals with it differently. It affects all of them, and they should at least have some say in it.», «someone who is mature and wants to help with their case should be able to advocate for themselves and enlighten those around them about the specifics of their case» (Križ & Roundtree-Swain, 2017, s. 36). I følgje deltakarane i studien vil barn si deltaking bidra til betre forståing av korleis barnevernet jobbar, det vil betre sjølvbiletet, samt styrke deira utvikling til sjølvstendige vaksne med eigenskapar til å ta avgjersler på eige hand.

13 av barna/ungdommane i studien til Cossar et al. (2016) beskreiv eit godt forhold til deira kontaktperson. Desse barna/ungdommane beskriv kontaktpersonen som snill og lyttande. Samstundes kjem viktigheita av å etablere ein god relasjon og tillit til kontaktpersonen, som eit viktig kriterie for oppleving av deltaking. Sjølv om fleire av barna/ungdommen i Cossar

et al. (2016) uttrykte å ha eit godt forhold til kontaktpersonen, så kom det fram at mange opplevde minimal kontakt, samt at samtalanene med kontaktpersonen var prega av konstant utspørjing.

Nokre av delstakarane i studien til Dillon et al. (2016) opplevde ufrivillig kontakt med barnevernet, og opplevde stress, angst og usikkerheit for kva som kom til å skje. Deltakarane ynskte gjennomsiktig, tillitsfull, ærleg og open kommunikasjon med barnevernet. Ein av deltakarane opplevde manglande deltaking i planlegging av prosessar og klandra kontaktpersonen for dette. Deltakaren hevda at det skuldast svikt i forholdet mellom kontaktpersonen og barnet. Fleire av deltakarane som fekk delta i møter med barnevernet hadde gode opplevingar, men var ikkje heilt fornøgd likevel. Møta varte ikkje alltid lenge nok etter ungdommen sitt ynskje, og det var manglande moglegheit for å stille spørsmål (Dillon et al., 2016).

Utskifting av kontaktperson vart også identifisert som ei utfordring for ungdommane i høve deltaking (Dillon et al., 2016). Alle deltakarane i studien klarte å identifisere positive forandringar som resultat av å bli lytta til i deira kontakt med barnevernet.

### **Barn som kompetente aktørar**

Barna sin kompetanse kom tydelege fram i studien til Bakke og Holmberg (2014). Barna hadde synspunkt på korleis tiltaka best burde utformast. Dette syner at barnet har kompetanse på eige liv og at truverdigheita er stor når dei fortel ut frå sitt perspektiv (Bakke & Holmberg, 2014).

---

## 7. Drøfting

Denne studien har hatt som formål å undersøkje kva hovudfaktorar som har innflytelse på barn si deltaking i barnevernet, samt om alder på barnet har innflytelse på barn si deltaking. Gjennom scoping reviewen vart det identifisert 16 vitenskaplege artiklar som møtte inklusjonskriteriane. Funn i denne studien peikar på utfordringar i høve yngre barn si deltaking i barnevernet, samt kva faktorar som har innflytelse på dette. Tema som oppstod var barnet sin alder og modenheit, kontaktpersonen sin kompetanse i høve sikring av yngre barn si deltaking, kontaktpersonen sitt syn på barn og deltaking, anerkjenning av barn sitt perspektiv, barn sitt behov for beskyttelse vs deltaking grunna alder og manglande modenheit, barn sitt syn og oppleving av deltaking, og barn som kompetente aktørar. Funna frå dette studie vil i dette kapittelet bli diskutert i lys av teori om barn og barndom, juridiske rammer for deltaking, perspektiv og modellar for deltaking, tidlegare forsikning og kva implikasjonar dette kan ha for det kunnskapsbaserte praksisfeltet.

### 7.1 Barnet sin unge alder er eit hinder for deltaking

I denne reviewen er alder ein faktor som kan vere avgjerande for om eit barn vert ekskludert frå deltaking i barnevernet sine prosessar. Studien til Kosher and Ben-Arieh (2020) bygger på ei spørjeundersøking av 151 kontaktpersonar i barnevernet. 42,1% av deltakarane i studien svarte at ein gyldig grunn for å ekskludere barn i høve deltaking i barnevernet sine prosessar, er at barnet er for ungt. Studien identifiserer at dette har samanheng med kontaktpersonar sine haldningar og synet på barnet. At barnet sin alder hadde effekt på moglegheita for deltaking vart også identifisert i studien til Hultman et al. (2020), Rap et al. (2019), Križ og Roundtree-Swain (2017), Kratky og Schröder-Abé (2020), van Bijleveld et al. (2014), van Bijleveld et al. (2020), Cossar et al. (2016), Woodman et al. (2018), Heimer et al. (2018) og Middel et al. (2020). Resultata mine samsvarar også med funn frå studien til Archard og Skivenes (2009). Det faktum at kontaktpersonar i barnevernet synes det var vanskelig å sikre deltaking av små barn, skil seg frå det barnekonvensjonen formidlar kring barn si deltaking.

I barnekonvensjonen (1989) artikkel 12 står det at barnet sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med barnet sin alder og modenheit. Det er ingen aldersgrense, noko som inneber at

alder og barnet sitt utviklingsnivå skal leggest til grunn i fortolkinga av barnet sine ytringar (Gamst, 2011). Det er også viktig å understreke at dei landa som har slutta seg til konvensjonen er pålagt å garantere at barn som er i stand til å danne seg egne meiningar, får ivaretatt sin rett til fritt å gi uttrykk for sine synspunkt i alle forhold som rører ved dei (Barnekonvensjonen, 1989). Det betyr at land som har slutta seg til barnekonvensjonen ikkje kan nytte barn sin unge alder som ein gyldig grunn for å ekskludere barn i høve deltaking i barnevernet sine prosessar. Vidare i barnekonvensjonen (1989) står det at barn særleg skal bli gitt moglegheit til å bli høyrte i ein kvar rettsleg og administrativ sakshandsaming som angår dei, dette kan sikrast ved at barnet gir ei direkte uttale, eller ved at barnet sine synspunkt vert representert gjennom andre eller anna organ. Dette må vere i samsvar med sakshandsamingsreglar i nasjonal rett, og må ivaretakast i ei barnevernssak. Det betyr at statane er forplikta til å ivareta barn sine rettar til deltaking og medverknad. Samstundes er det viktig å påpeike at barn ikkje har ei plikt til å delta eller medverke i barnevernet. Barnet kan sjølv bestemme å la vere å delta eller medverke. Likevel er det viktig at kontaktpersonar saman med barnet utforskar om barnet ynskjer å delta, samt kva barnet har behov for, for å sikre deltaking og medverknad.

Som vi ser i avsnittet over så har barn tydelege rettar i høve deltaking og medverknad i saker som omhandlar dei sjølve. Land som har valt å implementere barnekonvensjon i deira velferdspolitik og lovbestemmelsar, syner normativ aksept av barn si deltaking og erkjenninger positiv innflytelse av denne. I norsk barnevern er barn sine sjølvstendige rettar til deltaking ein viktig og tydeleg verdi. Når det vert gjort samanlikningar mellom barnevernssystema i forskjellige land, vert norsk barnevern, også saman med andre nordiske land, beskrive som eit meir «child-centered», meir «barnefokusert» enn for eksempel det anglo-amerikanske barnevernet. Anglo-amerikansk barnevern har større fokus på familien som heilskap og foreldra vert ofte sett på som viktigare aktørar enn barna, medan «child-centered» tilnærming har i større grad fokus på barnet som aktør (Harding, 1991; Kriz & Skivenes, 2011; Skivenes, 2011, i Christiansen, 2012). I studien min er det likevel eit gjennomgåande funn at barnet sin alder er eit hinder for deltaking i barnevernet (Cossar et al., 2016; Heimer et al., 2018; Hultman et al., 2020; Kosher & Ben-Arieh, 2020; Kratky & Schröder-Abé, 2020; Križ & Roundtree-Swain, 2017; Rap et al., 2019; van Bijleveld et al., 2020; van Bijleveld et al., 2014; Woodman et al., 2018). Sjølv om barnevernslova § 6-3 vart endra for å styrke yngre barn sin moglegheit til å delta, ser ein likevel at yngre barn frå 7 til 12 år ikkje er tydeleg representerte i forskning om barn si deltaking eller medverknad i



---

barnevernet. Det er viktig å påpeike at retten også gjeld barn under 7 år i samsvar med barnet sin alder og modenheit. Til tross for barnesentrert fokus er det framleis nokre utfordringar i Norge. Det er ikkje ein klar definisjon på kva eller korleis ein kan sikre deltaking for dei aller yngste barna i barnevernet.

Blant landa som har slutta seg til barnekonvensjonen vil det også vere individuelle forskjellar i høve organisering av barnevernet og nasjonale lovverk, som set føringar for barnevernet sitt arbeid. England har til dømes ikkje ei spesifikk aldersgrense for deltaking slik som i Norge, men barnet sine ynskjer og kjensler vert vurdert ut frå barnet sin alder og forståing. Archard og Skivenes (2009) fant at i både England og i Norge så har kontaktpersonar eit varierende syn på korleis eit barn kan og burde vere deltakande.

I følgje vår review er det ein forskjell i synet på grensa for når eit barn er for ungt til å delta. I følgje fleire av mine studiar er alder eit hinder for deltaking (Kosher & Ben-Arieh, 2020; Kratky & Schröder-Abé, 2020; Križ & Roundtree-Swain, 2017; Rap et al., 2019; van Bijleveld et al., 2014). Det er ulikt syn på grensa for når eit barn er for ungt til å delta eller medverke. I studien til van Bijleveld et al. (2014) vert det sagt av ein kontaktperson at ein ikkje ser på kva barn under 6 år ynskjer, då barnet har utfordringar med å uttrykkje munnleg kva dei vil. I studien til Kratky og Schröder-Abé (2020) sa ein kontaktperson at det ikkje var mogleg å snakke med ei 2 år gammal jente på ein sikkeleg måte, grunna hennar unge alder. Likevel kjem det fram av studien at jenta på to år hadde formidla at hennar foreldre var snille (Kratky & Schröder-Abé, 2020). I følgje mine resultat så syner dei at kontaktpersonar gjer vurderingar angående deltaking, basert på kva syn dei sjølve har på barn si deltaking. Som Archard og Skivenes (2009) understrekar så er barn sine moglegheiter til deltaking avhengig av kontaktpersonen sine haldningar, vurderingar og syn på deltaking.

Barnet sin modenheit og kapasitet er ein viktig faktor knytt til om barnet får delta eller ikkje. I følgje mine resultat kan det vere uklart for kontaktpersonar kva som ligg til grunn for at eit barn er modent nok, og korleis ein skal/må forholde seg til den problemstillinga (Hultman et al., 2020). Som vi har sett på tidlegare så er ikkje barnekonvensjonen tydleg i høve aldersgrense for deltaking, men syner til at kontaktpersonar må ta stilling til barnet sin alder og modenheit for å avgjere om barnet skal delta. Eit slik formulering krev at det ligg til grunn ei vurdering om barnet er modent nok eller ikkje. Eit interessant dilemma ved ei slik vurdering er kven som skal ta denne. Vil kontaktpersonen i barnevernet ta ei slik avgjersle på eit nøytralt grunnlag? Det kan kreve planlegging og ytterlegare tilrettelegging for at dei

yngrste barna skal få delta/medverke i eiga sak. Dette krev kompetanse og kapasitet (Gamst, 2011). Kan det tenkast at det såleis er lettare for kontaktpersonar å bevisst eller ubevisst «velje» å snakke med eldre barn som har ein «tydelegare» rett til deltaking/medverknad gjennom lovverk og forskrifter? Funn frå studien til Cossar et al. (2016) syner at eldre barn i større grad fekk moglegheiten til å møte/ samtale med kontaktpersonen aleine.

Kan det vere at i ei barnevernsteneste med høg gjennomsnittsalder blant dei tilsette, finn ein tendensar til at dei minste barna deltar i mindre grad enn i ei barnevernsteneste med yngre tilsette? På den eine sida syner forskning at det krev kompetanse og erfaring for å legge til rette for reel medverknad for barn (Gamst, 2011; Sommer, 2012), der har sannsynlegvis eldre kontaktpersonar meir erfaring enn yngre kontaktpersonar. På den andre sida kan det tenkast at synet på barn hjå yngre kontaktpersonar i større grad legg til rette for deltaking hjå dei yngre barna, då forståinga av både barn og medverknad er i kontinuerlig endring og vert påverka av både erfaring, kultur og haldningar. Resultat i studien min støtter dette, og syner at eldre kontaktpersonar har større sannsyn for å vere einige i uttalar som støtter opp under at barn ikkje skal engasjerast i prosessar knytt til avgjersler (Vis & Fossum, 2015).

Nokre moment som legg føringar for i kva grad barnet vert inkludert, er om kontaktpersonen er opptatt av barnet sitt perspektiv, om ein har tiltru til det barnet formidlar, samt oppfatning av kva eit barn meistrar (Juul, 2010). I følgje resultat i min studie kan yngre barn sine uttalar bli sett på som mindre korrekte enn eldre barn sine (Woodman et al., 2018). Forskjellen i barn sine uttalar handlar i hovudsak om kor detaljert dei uttrykker seg. Mine resultat syner at eldre barn sine uttalar er meir detaljert og omfattande enn yngre barn sine uttalar (Kratky & Schröder-Abé, 2020). Dersom kontaktpersonen har eit slikt syn på barn, vil det vere mindre sannsynleg at kontaktpersonen vil legge til rette for deltaking og samtalar med dei yngste barna.

At barn har utvikla omgrep som gjer det mogleg for gjenkjening og forståing av hendinga, er avgjerande for at barn skal kunne hugse og gjenfortelje ei hending. Barnet må også ha språklege føresetnader for å forstå spørsmåla som vert stilt og hensikta med desse (Gamst, 2011). Dette krev eit bestemt utviklings- og modenheitsnivå. I studien til van Bijleveld et al. (2014) sa ein av deltakarane «When children are below the age of six, and I support many children under that age [participation is not possible]. Below the age of six, we don't look at what the child wants because children under that age find it difficult to express in words what they want» (van Bijleveld et al., 2014, s. 256). Gamst (2011) hevder at barn kan fortelje

---

om traumatiske hendingar rundt 2-3-årsalderen. Samstundes påpeikar Gamst (2011) at samtalar med dei yngste barna i 2-4-årsalderen er særleg krevjande og utfordrande. Gamst (2011) er tydeleg på at dette ikkje skal vere ein grunn for ikkje å legge til rette for samtalar med dei minste barna.

Som vi allereie har vore inne på, så blir alder og modning ofte diskutert i høve barn si deltaking i barnevernet. Forsking syner at sjølv om alder er eit argument for kvifor yngre barn ikkje deltar i barnevernet, syner forskning også at eldre barn som deltar ikkje nødvendigvis har særleg verknad på avgjersler som vert fatta (Vis & Thomas, 2009). Nokre kontaktpersonar tvilar på barnet si truverd, og «ufornuftige» barn kan lett ekskluderast frå prosessar knytt til avgjersle (Holland, 2001 i van Bijleveld et al., 2015; Archard & Skrivenes, 2009). Dette samsvarar med mine resultat, då det kjem fram at ein av deltakarane i studien til Hultman et al. (2020) sa «Children need to have achieved a certain level of maturity in order to have their own opinion on the issue. With younger children, there is a high risk that they do not dare to say anything other than that they want to stay with their parents» (Hultman et al., 2020, s. 308). Rap et al. (2019) understreker at foreldre ofte hindrar eller har verknad på barnet sin grad av deltaking.

## 7.2 Beskyttelse på bekostning av deltaking

Dilemmaet mellom deltaking og beskyttelse vart identifisert som eit tydeleg resultat blant dei inkluderte studiane tidlegare i oppgåva. Utgangspunktet for barn sine rettigheter i barnekonvensjonen er knytt til dei tre p'ane, participation, protection og provision, på norsk deltaking, beskyttelse og nødvendige ressursar. Desse tre er ulike på fleire måtar. Bestemmelsane knytt til deltaking legg vekt på barnet som handlande, som eit subjekt, medan bestemmelsane som omhandlar beskyttelse og rett til nødvendige ressursar forheld seg til barnet som eit objekt ved at barnet er ein mottakar av andre sine handlingar (Opdal, 2002). Opdal hevdar at denne grunnleggande forskjellen mellom artikkane kan sjåast på som at det er ein motsetning mellom dei. I følgje mine resultat, formidlar fleire at dei har eit syn på barn som subjekt, og at kontaktpersonane i teorien er positive til barn si deltaking, men i praksis vert barn oftare sett på som objekt (Hultman et al., 2020; Kosher & Ben-Arieh, 2020; van Bijleveld et al., 2020; van Bijleveld et al., 2014; Vis & Fossum, 2015; Vis et al., 2010). Kontaktpersonar har lettare for å sjå barnet som subjekt når det er mindre viktige avgjersler

som skal fattast. Ved auken av alvorgrad i det som skal avgjerast, vert kontaktpersonar si støtte til barn si deltaking svekka (Kosher & Ben-Arieh, 2020).

Når barnevernet skal ta vurderingar, kan det oppstå dilemma i høve prinsippet om barnet sitt beste og barnet sine rettigheter. Barnevernet si hovudoppgåve er å verne og beskytte barn frå alvorlege overgrep og omsorgssvikt (Thrana, 2008). Barnet har på den eine sida ein passiv rett til å bli beskytta frå sin familie der det er nødvendig, samstundes som dei har ein aktiv rett til medverknad (NOU 2000:12). Resultat i min studie syner at kontaktpersonar ser på deltaking som viktig, men at barn sitt behov for beskyttelse er enda viktigare. Det er barnevernet si viktigaste oppgåve å skape eit trygt miljø før barnet (van Bijleveld et al., 2020). Barnevernet har også i oppgåve å ha fokus på kva som er til det beste for barnet. I følge (Ofstad & Skar, 2015) så omhandlar barnet sitt beste både retten til beskyttelse, men også retten til medverknad. Retten til beskyttelse handlar om barnevernet si plikt til å beskytte barn frå forhold som kan skade deira helse og utvikling (Barnekonvensjonen, 1989; Barnevernloven, 1992). I tillegg omhandlar vurderinga av kva som er til barnet sitt beste, barnet sine egne meiningar og forståing av eigen situasjon (Barnekonvensjonen, 1989; Barnevernloven, 1992; Ofstad & Skar, 2015). I barnevernet sitt arbeid kan det vere at desse prinsippa vert opplevd som motsetningsfylte. Kontaktpersonar kan vurdere det som beskyttande ovanfor barnet at barnet ikkje medverkar med tanke på lojalitetskonflikten barnet vert sett i ovanfor foreldra. På den andre sida kan det kanskje vere medverknad frå barnet som må til for å beskytte barnet. Eksempelvis knytt til krav om dokumentasjon og juridiske prosessar dersom det er behov for å sette inn tiltak på tvang eller ei eventuell omsorgsovertaking.

Synet på barn er avgjerande i forhold til våre haldningar og handlingar ovanfor barn, som vi for eksempel ser i artikkelen til Archard og Skivenes (2009) der kontaktpersonar hadde ulikt syn på barn. Som vi har sett på tidlegare i oppgåva så har det skjedd ei endring i høve synet på barn. Endringa har gått frå å betrakte barn som passive mottakarar, der barndom vert sett på som eit forstadium til å verte vaksen, til barn som aktivt deltakande i eiga utvikling som eit sjølvstendig individ med egne rettigheter (Strandbu, 2011). Endringar i høve synet på barn har også hatt verknad på lovverk og forskrifter, særleg i land som har implementert barnekonvensjonen. Fleire skandinaviske og europeiske land har gjort dette, der i blant Norge. Norge vert sett på som eit føregangsland i det å prioritere barn sine rettar. Eit eksempel som ofte vert trekt fram er at Norge var det første landet i verden som fekk sitt eige

---

Barneombud i 1981 (Christiansen, 2012). Barn har tydelege rettar til deltaking og medverknad. Barn sin rett til medverknad i avgjersler som gjeld deira liv er nedfelt i barnekonvensjon sin artikkel 12. Den fastslår også barn sin rett til å bli høyrte.

Kontaktpersonar sitt barneperspektiv vil ha verknad på om og korleis barn får medverke knytt til eiga sak i barnevernet. Eksempelvis i studien til Kosher og Ben-Arieh (2020) så var eit fleirtal av sosialarbeidarar støttande til barn sin rett til å uttale sine meiningar i møter som omhandla deira situasjon. Derimot utrykte dei mindre støtte til barn sin rett til å få sine meiningar og ynskjer inkludert og vektlagt i avgjersle prosessar. Det vert signalisert at barnet er eit subjekt og bør difor vere ein aktiv deltakar i eigen situasjon, samstundes som det vert formidla eit syn om barnet som objekt. Når avgjersler skal takast får ikkje barnet delta fullt ut, og såleis vert ikkje reell medverknad for barn oppnådd. Funn i mine studiar syner at kontaktpersonar har utfordringar med å la barn få delta fullverdig i eiga sak, dette på grunn av redsel for kva det kan medføre barnet, og også deira syn på barn som sårbare individ som er i behov av beskyttelse (Hultman et al., 2020; van Bijleveld et al., 2020; Vis et al., 2010). Også i tidlegare forskning finn ein at det vart gjort vurderingar i høve barnet sin truverdighet, og om opplysningane barnet kom med passa inn i eit heilskapleg bilete. På den eine sida vert barnet vurdert som ein kompetent aktør, og på den andre sida er dei med på å gi legitimitet til den allereie konkluderte saksforståinga som dei vaksne har (Lurie et al., 2015).

Som skreve i avsnittet over har barn sitt behov for beskyttelse blitt sett på som eit hinder for deltaking i fleire studiar. Mine funn syner at kontaktpersonar er tydeleg på at barn har rett til deltaking, samstundes var dei endå tydlegare på at barn var i behov for beskyttelse (van Bijleveld et al., 2020). Det vert argumentert for at barn ikkje er modne nok til å delta i saker der det kan oppstå lojalitetskonflikt mellom barnet og foreldra, samt at barnevernet sine prosessar og rammer ikkje er barnevennlege nok for barn (Hultman et al., 2020; van Bijleveld et al., 2020). Funn i fleire av studiane mine syner at dersom kontaktpersonar står ovanfor dilemmaet i høve deltaking eller beskyttelse, så blir deltaking sett på som mindre viktig (Kosher & Ben-Arieh, 2020; van Bijleveld et al., 2014; Vis et al., 2010). Dette tyder på at sosialarbeidaren ser deltaking og beskyttelse som to prinsipp som ikkje kan vere i fokus samtidig, og den eine må vike på bekostning av den andre. Når det vert argumentert mot å involvere barnet fordi barnet skal beskyttast, hevdar Killen (2004) at det i større grad omhandlar at dei vaksne ynskjer å beskytte seg sjølve. Dette då det kan vere utfordrande for

den vaksne å sjå barn i omsorgssviktsituasjonar og at årsaka blant anna omhandlar vanskar med å ta inn over seg barn sine lidningar.

Konsekvensane av å ikkje få delta kan vere store. Det kan føre til at barnet opplever ei fråkobling frå situasjonen barnet står i (Gamst, 2011; Hultman et al., 2020; Strandbu, 2011). Killen (2004) støttar dette og påpeikar at barn har behov for å bli møtt og få hjelp når dei opplever omsorgssvikt og overgrep. Det er difor viktig å kommunisere med barn om vanskelege livshendingar. Deltaking og samtalar med barn om barnet sin situasjon kan hjelpe barnet ved å frata skuld og ansvar frå omsorgssviktsituasjonen (Killen, 2004).

Dersom barn sine rettar til deltaking skal bli tatt på alvor, må kontaktpersonar sitt syn på barn som sårbare individ som treng beskyttelse modifierast, og barnet må behandlast som ein kompetent sosial aktør frå første kontakt med barnevernet. Heimer et al. (2018) hevdar at dersom barnet blir høyrte og får delta i utforminga av kva som er familien sine problem, så er det større moglegheit for at familien får den hjelpa som er nødvendig.

### 7.3 Manglande kompetanse i barnevernet som hinder for yngre barn si deltaking

Barnevernsfagleg kunnskap er stadig i utvikling og skapar nye og endra forståingar av barn. Det vil vere forskjellar blant kontaktpersonar om dei er orientert om ny kunnskap eller ikkje, og om denne vert tatt i bruk. I følgje mine resultat så har kontaktpersonar utfordringar med å sikre tilstrekkeleg deltaking, samt at synet på barn varierer (Cossar et al., 2016; Heimer et al., 2018; Hultman et al., 2020; Kosher & Ben-Arieh, 2020; Kratky & Schröder-Abé, 2020; Križ & Roundtree-Swain, 2017; Middel et al., 2020; Rap et al., 2019; van Bijleveld et al., 2020; van Bijleveld et al., 2014; Vis & Fossum, 2015; Vis et al., 2010; Woodman et al., 2018). For å sikre at kontaktpersonar sitt syn på barn samsvarar med nyare forskning, og såleis er med på å sikre barn si deltaking, er det viktig at barnevernstenester er opptatt av å tileigne seg ny kunnskap. I Norge har staten fokus på kompetanseheving i barnevernet, og tilbyr difor ulike kurs, verktøy og stønad for å auke kompetansen i barnevernet.

Den nyare barndomssosiologien forstår barn som sjølvstendige individ med eigne synspunkt og forutsetningar for å kunne ta eigne val (Bunkholdt & Kvaran, 2015; Strandbu, 2011). Det kan føre til økt fokus og vektlegging av barn sine eigne synspunkt. Då det ligg til grunn at

---

barn og unge er viktige informantar om sitt eige liv, samt at deira meining er viktig å ta omsyn til. Ei slik forståing av barn i samfunnet har komme i aukande grad dei seinare åra (Bunkholdt & Kvaran, 2015; Christiansen & Kojan, 2016; Strandbu, 2011; Thrana, 2008). Dette kjem blant anna til uttrykk gjennom barn sine rettar til medverknad, tilrettelegging og implementering av ulike samtalemotodar med barn. Vi får ei aukande bevisstgjerung kring barn sin medverknad når faglege verdiar og oppfatningar av barn vert endra. Dette får igjen betydning for vår tolking og forståing av barnevernet sitt arbeid.

Eit gjennomgåande funn i denne studien er mangelfull deltaking frå barn i barnevernssaker, og då særleg dei yngste barna (Kosher & Ben-Arieh, 2020; Kratky & Schröder-Abé, 2020; Križ & Roundtree-Swain, 2017; Rap et al., 2019; van Bijleveld et al., 2014). Som vi har sett tidlegare i oppgåva så støttar rapportar frå Statens helsetilsyn (2012) og Riksrevisjonen (2011-2012) dette. Resultat syner at barn med intellektuell evne til å engasjere seg med kontaktpersonen, vil i større grad få medverke. I følgje mine resultat så vil stemma til eit barn på 5 år bli vektlagt dersom barnet klarar å engasjere seg med kontaktpersonen (Woodman et al., 2018). Kontaktpersonar har eit ansvar for å legge til rette for deltaking. Det skal ikkje vere opp til barnet å «innfri» kontaktpersonar sine krav for at barnet si stemme skal bli tillagt vekt. I tråd med dette identifiserte mine resultat at kontaktpersonar manglar kompetanse i det å snakke med yngre barn, eksempelvis barn i alderen 2 år (Kratky & Schröder-Abé, 2020). I følgje Strandbu (2011) unngår kontaktpersonar å invitere barn til å delta då dei er usikker på korleis samtalar om vanskelege spørsmål skal gjennomførast. Dei same utfordringane vart identifiserte i studien til Rap et al. (2019) og van Bijleveld et al. (2020).

Gamst (2011) hevdar at barn kan fortelje om traumatiske hendingar rundt 2-3-årsalderen. Samstundes påpeikar Gamst (2011) at samtalar med dei yngste barna i 2-4-årsalderen er særleg krevjande og utfordrande. Dette vil krevje at kontaktpersonen set seg inn i utviklingsstadiet til barnet, samt nyttar verktøy og språk som er aldersadekvat. Trass funn om utfordringar med deltaking, støttar ein av deltakarane i studien til van Bijleveld et al. (2020) dette, og syner til at når ein skal snakke med barn så må ein vite kor gammal barnet er, korleis familie situasjonen er, samt ha gjort nokon refleksjonar kring kva verktøy ein kan nytte i samtalen. Ein deltakar i studien til van Bijleveld et al. (2020) er tydleg på at dette krev kompetanse, men med kompetanse og rette verktøy er det ikkje utfordrande å ha samtalar med barn.

I Norge er det ingen krav til at medverknad kun må skje verbalt. I forskrift om medverknad og tillitsperson § 3 står det «*Barn kan medvirke i sak ved å uttrykke sin forståelse, val og preferanser gjennom verbal og ikkje-verbal kommunikasjon. Medvirkingen skal ivareta barnets etniske, religiøse, kulturelle og språklige bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur*» (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016-2017b, s. 41). Funn i studien til van Bijleveld et al. (2020) syner at sjølv om barn ofte vert sett på som mindre kompetente munnleg, vart det likevel ikkje fokusert på barn sine nonverbale uttrykk, eller på behovet barn kan ha for å uttrykkje sine kjensler, ynskjer eller bekymringar på ulike nonverbale måtar. Det vil vere utfordrande for yngre barn å medverke dersom kontaktpersonar «krev» at medverknad skal skje munnleg. I følgje Gamst (2011) vil barn som enda ikkje har utvikla eit språk, gi uttrykk for sine erfarte hendingar gjennom åtferd og væremåte. Barnet nyttar kroppen og teikn for å syne kva det forstår, erfarer og vil formidle. Det krev stor grad av tolking og nonverbal kommunikasjon for å forstå barnet sine initiativ og behov. Utviklinga av språk kjem i ulike stadier, tidspunkt og med individuelle forskjellar hjå barn. Barn i ca. 18 månaders alderen kan uttrykkje seg i toordssetningar og ved ca. 2 år kan dei nytte treordssetningar. Når barn i så lav alder skal delta krev det at kontaktpersonen har kunnskap om barnet sitt utviklingsstadium. Vår forståing av det barnet formidlar vert då tolka ut frå dei enkle orda barnet uttrykker, kobla saman med åtferd og veremåte (Gamst, 2011). Kontaktpersonar opplever usikkerheit i høve korleis ein skal gi aldersadekvat informasjon for å sikre meningsfull deltaking (Rap et al., 2019). Dette vil krevje kompetanse, men bør ikkje vere eit hinder for deltaking.

Leikar og anna materiell kan gi meir informasjon enn ved ein rein verbal samtale, samstundes som det også kan føre til meir feilaktig informasjon (Gamst, 2011). I følgje Gamst (2011) vil mange barn, og særleg dei minste barna trenge støtte til å formidle seg. Dette kan gjerast ved diverse virkemiddel i samtalen. Eksempelvis teiknesakar, plastilina, bildematerial og dukker. Dette vil krevje at kontaktpersonen har førebudd seg og har ein klar agenda for korleis verkemidla skal brukast, for å unngå at barnet vert distraherert og endar opp i fri leik. Fleire av deltakarane i studien til Woodman et al. (2018) formidla at faktorar som styrka deira sjølvtilitt i det å snakke med barn blant anna var; arbeidserfaring, erfaring, verktøy og trening i høve samhandling med barn. Den faktoren som i størst grad svekka kontaktpersonen sin sjølvtilitt var barnet sin alder, i frykt for at barnet ikkje evna å gi korrekt og detaljert informasjon (Woodman et al., 2018).



---

For at tilsette i barnevernet skal legge til rette for og sikre barn si deltaking og medverknad, stiller dette krav til at kontaktpersonar har kjennskap og kompetanse knytt til relevant lovverk og forskrifter. Eksempelvis er det lovbestemt at barn skal informerast i saker som omhandlar dei. Dette er nedfelt i barnekonvensjon artikkel 13 og barnevernloven § 6-3. Å ha tilgang til informasjon er grunnleggande for at barn skal kunne delta i prosessar knytt til avgjersle, samt danne seg ei meining i saker som omhandlar dei (Strandbu, 2011). I følgje Rap et al. (2019) og van Bijleveld et al. (2020) er det fleire praktiske utfordringar med å sikre barn si deltaking. Det er mangelfull forståing blant dei tilsette i høve korleis, om og når barn skal få informasjon og bli involvert. Archard og Skivenes (2009) støttar at vaksne generelt har utfordringar i forhold til kvifor, når og korleis barn skal delta i prosedyrar som har verknad på deira interesse. Det var også manglande kompetanse hjå fleire av dei tilsette i barnevernet i høve samtalar med barn (Helsetilsyn, 2012). For å sikre dei yngste barna si deltaking, kan det vere behov for kompetanseauking knytt til nonverbale uttrykksformer hos barn. Tolking og forståing av barn sine nonverbale uttrykk burde såleis få større plass i barnevernsfagleg utdanning og i fokusområdet staten har knytt til kompetanseheving i barnevernet.

I følgje mine resultat formidla nokre av deltakarane at for dei var det viktigare å høyre og informere barnet enn å inkluderer barnet i sjølve avgjersla (van Bijleveld et al., 2020; van Bijleveld et al., 2014). Ein slik tankegang er i strid med Shier (2001) og Strandbu (2011) sine modellar for deltaking. Når barn skal delta og medverke er det viktig at dei blir sett, høyrte og inkludert i prosessar. Som vi har sett tidlegare så kan vaksne sjå på barn som sårbare og ikkje kompetente nok til å medverke (Kosher & Ben-Arieh, 2020; van Bijleveld et al., 2014; Vis et al., 2010; Vis & Thomas, 2009). Inklusjon av meining betyr ikkje at barnet alltid skal få bestemme, men når barn har innspel og argument må desse bli tatt opp på ein slik måte at barnet opplever å bli tatt på alvor, lytta til, samt gitt ei forklaring dersom innspela ikkje vert tatt til følgje (Strandbu, 2011).

I følgje mine resultat så er det viktig at kontaktpersonen har tid til barnet dersom ein ynskjer at barnet skal delta eller medverke. Nokre barn treng tid på å formidle det dei ynskjer. Kontaktperson må difor legge til rette for fleire samtalar for å etablere relasjon med barnet og for å skape eit godt fundament for deltaking (Cossar et al., 2016; Dillon et al., 2016; Paulsen et al., 2017; van Bijleveld et al., 2014; Vis et al., 2010). Studien til Vis et al. (2010) støttar dette og understrekar at eit godt kontaktforhold er viktig for at barnet skal formidle

sine synspunkt, samt for at kontaktpersonen skal kunne vurdere om det barnet formidlar samsvarar med barnet sine ekte kjensler. For å kunne danne ei meining om barnet sine synspunkt er det naudsynt med fleire samtalar med barnet (Archard & Skivenes, 2009). Funn i van Bijleveld et al. (2015) syner at det er mange kontaktpersonar som opplever det som vanskeleg å etablere ein god relasjon til barna på grunn av manglande kompetanse, eller utfordringar med å skape gode og trygge rammer for samtalen.

## 7.4 Styrkar og begrensingar ved studien

Denne gjennomgangen har sine styrkar og begrensingar. Omfanget av søket var breidt, ettersom formålet var å gi eit heilskapleg bilete av studiane i feltet. Det vart valt scoping review som tilnærming, då det er ein systematisk, gjennomsiktig metode som gir ein oversikt over typen studie, sprer funn og identifiserer forskingshol, samt framtidig forskingsbehov i ein relativt kort periode (Aveyard, 2014). Eit breiare søk i fleire databasar kunne ha gitt eit enda større og meir detaljert bilete av feltet. Kvaliteten på inkluderte studiar vart heller ikkje vurdert i detalj. Alle inkluderte studiar framhevar at generalisering av funn bør gjerast med forsiktighet på grunn av små eller geografisk avgrensa prøver. Ei styrke med gjennomgangen er samstundes at den gir ein oversikt over studiar om same tema som nyttar ein rekke metodar og instrumenter. Fleire av dei inkluderte artiklane identifiserer funn som er svært konsistente med kvarandre, og styrkar såleis gyldigheita av denne gjennomgangen og gjer den relevant for politikarar, forskarar og fagpersonar innan fagfeltet.

## 8. Oppsummering

Denne scoping reviewen har hatt fokus på å samanfatta eksisterande forskning for å gi eit nyansert bilete av barn si deltaking i barnevernet, med eit særleg fokus på om barnet sin alder har innflytelse på deltaking. Med det som bakgrunn kan denne studien gi eit bidrag i både norsk og internasjonal samanheng.

Synet på barn har utvikla seg frå å sjå barnet som eit sårbart objekt til å sjå på barnet som handlande subjekt. Barn vert i aukande grad forstått som fornuftige og kompetente individ. Denne endringa har også hatt verknad på internasjonale konvensjonar om barn sine rettar, og nasjonalt lovverk i Norge. Barnekonvensjonen legg tydelige føringar for barn si deltaking i saker som har verknad på deira liv. Til tross for aukande fokus på barn si deltaking både i teori, forskning, nasjonale konvensjonar og nasjonalt lovverk, så vert yngre barn i liten grad involvert i eiga barnevernssak. Argumenter for dette er blant anna barnet sitt behov for beskyttelse, at yngre barn i liten grad bidreg med informasjon, og utfordringar knytt til å snakke med dei yngste barna.

I samsvar med tidlegare internasjonal og nasjonal empirisk forskning syner resultata i denne studien at det er utfordringar med å tilrettelegge for barn si deltaking i barnevernet. Resultata i studien syner at barn sin alder er eit hinder for deltaking. Eldre barn får i større grad delta enn yngre barn. Samstundes er det generelt utfordringar med å legge til rette for barn si deltaking. Dei fleste kontaktpersonar er samde i at barn si deltaking i barnevernet er viktig, og har eit ynskje om å sjå barnet som eit subjekt og handlande aktør. Likevel har kontaktpersonar utfordringar med å involvere barn i barnet si eiga sak. Dilemmaet mellom beskyttelse og deltaking er sentralt i utfordringa med å involvere barn. Kontaktpersonar vurderar barnet sitt behov for beskyttelse som viktigare enn barnet sin rett til deltaking. Sjølv om kontaktpersonar ynskjer å involvere barn, og er samde i dei teoretiske og juridiske retningslinjene for barn si deltaking, syner studien at kontaktpersonar framleis ser på barn som sårbare, og har difor utfordringar med å sjå barnet som subjekt. For å legge til rette for reell deltaking er barn avhengig av at dei vaksne ser på barn som subjekt og reelle samarbeidspartnarar, samt at dei vaksne er villige til å gi frå seg makt og innflytelse til barna. I tillegg må det leggjast til rette for strukturar og arenaer for barn si deltaking.

Studien syner at kontaktpersonar har manglande kompetanse i høve synet på barn og barn sine rettar til deltaking. Samstundes manglar kontaktpersonar særleg kompetanse i høve å innvolvere og legge til rette for dei yngste barna si deltaking i barnevernet. Denne studien synleggjer at det er behov for meir forskingsrelatert merksemd mot dei små barn si deltaking i barnevernet. I forlengelse av ny barnevernlov, der det vil bli gitt meir ansvar til kommunane, og det kjem krav til auka kompetanse i barnevernet, vil dette kunne gjere at dei små barna i enkelte kommunar kan få større moglegheit til deltaking i sine saker.

Denne reviewen syner faktorar som har innflytelse på barn si deltaking, og då særleg korleis barnet sin alder kan ha innflytelse på deltaking. Det er likevel behov for meir forskning som yttlegare kan bidra til å forbetre både kunnskaps- og praksisfeltet. Som kjent i litteraturen er barn si deltaking i eiga sak viktig både for korleis barnet skal handtere og prosesere eigen situasjon, samt at informasjonen og synspunkta barnet har, kan ha betydning for utfallet av barnevernssaka. Det er også framleis ei utfordring med å innvolvere dei yngste barna i barnevernet, samt lite forskning som spesifikt fokuserer på deltaking i barnevernet blant dei aller yngste barna. Framtidig forskning bør såleis fokusere på dei yngste barn si deltaking i barnevernet knytt til korleis ein kan sikre og legge til rette for deltaking.

## 9. Litteraturliste

- Archard, D., & Skivenes, M. (2009). Hearing the child. *Child & Family Social Work*, 14(4), 391-399. doi:10.1111/j.1365-2206.2008.00606.x
- Arksey, H., & O'Malley, L. (2005). Scoping studies: towards a methodological framework. *International Journal of Social Research Methodology*, 8(1), 19-32. doi:<https://doi.org/10.1080/1364557032000119616>
- Arnstein, S. R. (1969). A Ladder of Citizen Participation. *Journal of the American Planning Association*, 35(4).
- Aveyard, H. (2014). *Doing a Literature Review in Health and Social Care- A Practical Guide* (3 ed.). Berkshire, England: Open University Press.
- Bache- Hansen, E. (2011). *Teoretiske perspektiver i synet på ungdoms medvirking – en litteraturgjennomgang*. Oslo: Nova
- Bache-Hansen, E., & Frønes, I. (2012). *Metoder og perspektiver på barne- og ungdomsforskning*. Oslo: Gyldendal akademiske.
- Bakke, I. M., & Holmberg, L. (2014). Barns deltakelse i omsorgsovertakelser. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 91(1), 4-19.
- Barne- likestillings- og inkluderingsdepartement. (2012-2013). *Endringer i barnevernloven*. (106 L).
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2016-2017a). *Endringer i barnevernloven mv.* (169 L). Retrieved from <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-169-1-20162017/id2568801/>
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2016-2017b). *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettsikkerhet for barn og foreldre)*. (169 L, 2016-2017). Retrieved from <https://www.regjeringen.no/contentassets/23e2789a4faf47a4b32ea0867ad3a111/no/pdfs/prp201620170169000dddpdfs.pdf>
- Barnekonvensjonen. (1989). *FNs konvensjon om barns rettigheter*. Retrieved from [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)
- Barnevernloven. (1992). *Lov om barneverntjenester*. (100). Retrieved from <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=lov%20om%20barnevernstjenester>
- Berrick, J. D., Dickens, J., Pösö, T., & Skivenes, M. (2015). Children's involvement in care order decision-making: A cross-country analysis.
- Bunkholdt, V., & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Christiansen, Ø. (2012). Hvorfor har barnevernet problemer med å se og behandle barn som aktører? *Tidsskriftet Norges barnevern*, 89(1-02), 16-30.
- Christiansen, Ø., & Kojan, B. H. (Eds.). (2016). *Beslutninger i barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Collins, T. M. (2017). A child's right to participate: Implications for international child protection. *The International Journal of Human Rights*, 21(1), 14-46. doi:10.1080/13642987.2016.1248122

- Cossar, J., Brandon, M., & Jordan, P. (2016). 'You've got to trust her and she's got to trust you': children's views on participation in the child protection system. *Child & Family Social Work*, 21(1), 103-112. doi:<https://doi.org/10.1111/cfs.12115>
- Creswell, J. W. (2012). *Educational Research: Planning, conducting and evaluating quantitative and qualitative research* (4 ed.). Boston, USA: Pearson.
- Creswell, J. W. (2014). *Research design: qualitative, quantitative, and mixed-method approaches* (4 Ed.): SAGE Publications.
- De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene. (2016). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*(4. utg. ed.).
- Den Europeiske Menneskerettighetskonvensjonen. (1950). *Menneskerettighetskonvensjonen*. Europarådet
- Dillon, J., Greenop, D., & Hills, M. (2016). Participation in child protection: A small-scale qualitative study. *Qualitative Social Work*, 15(1), 70-85. doi:10.1177/1473325015578946
- Education, D. f. (2015). *The Children Act 1989 guidance and regulations*. (2). London: HM Government
- Eide, B. J., & Winger, N. (2006). *Dilemmaer ved barns medvirkning*: Kunnskapsdepartementet.
- Ellingsen, I. T. (2014). Beslutninger og beslutningsgrunnlag som brennpunkt i barnevernet. In I. T. Ellingsen & Ø. R. S. (Eds.), *Barnevernets brennpunkt. Beslutningsgrunnlag og beslutninger* (pp. 11-16). Oslo: Univeristetsforlaget.
- Forandringsfabrikken. MITT LIV fagutviklingsarbeid, .
- Forskrift om medvirkning og tillitsperson. (2014). *Forskrift om medvirkning og tillitsperson*. Retrieved from <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-06-01-697?q=>
- Gamst, K. T. (2011). *Profesjonelle barnesamtaler, å ta barn på alvor*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Generell kommentar nr. 12. (2009). *FN, komiteen for barnets rettigheter*. (12). Retrieved from <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/generelle-kommentarer-fra-fns-barnekomit/id573909/>
- Gilje, N., & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapens forutsetninger: Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gough, D., Thomas, J., & Oliver, S. (2012). Clarifying differences between review designs and methods. *Systematic Reviews*, 1(1), 28. doi:<https://doi.org/10.1186/2046-4053-1>
- Grant, M. J., & Booth, A. (2009). A typology of reviews: an analysis of 14 review types and associated methodologies. *Health Information and Libraries Journal*, 26, 91-108. doi:<https://doi.org/10.1111/j.1471-1842.2009.00848.x>
- Grunnloven. (1814). *Kongeriket Norges Grunnlov*. Retrieved from <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17>
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmstad & Bjørke AS.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2 ed.). Bergen: Fagbokforlaget.

- 
- Guba, E. (1981). Criteria for assessing the trustworthiness of naturalistic inquiries. *Educational communication and technology*, 29(2), 75-91. doi:<http://doi.org/10.1007/BF02766777>
- Gulbrandsen, L. M., Seim, S., & Ulvik, O. S. (2012). Barns rett til deltakelse i barnevernet, samspill og meningsarbeid. *Sosiologi i dag*, 42(3-4), 54-78. Retrieved from <https://core.ac.uk/download/pdf/35074166.pdf>
- Hart, R. (1992). *Children participation, from tokenism to citizenship*. Firenze: Unicef.
- Haugli, T. (2012). Hensynet til barnets beste. In N. Høstmælingen, E. S. Kjørholdt, & K. Sandberg (Eds.), *Barnekonvensjonen, barns rettigheter i Norge* (pp. 51-72). Oslo: Univeritetsforlaget.
- Havnen, K. J. S., Christiansen, Ø., Ljones, E. H., Lauritzen, C., Paulsen, V., Jarlby, F., & Vis, S. A. (2020). Å medvirke når barnevernet undersøker. Delrapport 5. Barnevernets undersøkelsesarbeid fra bekymring til beslutning. In: UiT Norges Arktiske Universitet.
- Healy, K., & Darlington, Y. (2009). Service user participation in diverse child protection contexts: principles for practice. *Child & Family Social Work*, 14(4), 420-430. doi:10.1111/j.1365-2206.2009.00613.x
